



Noregs miljø- og  
biovitenskapelige  
universitet

**Masteroppgåve 2019 30 stp**

Fakultetet for miljøvitenskap og naturforvaltning

## **Reiseliv og lokal forvaltning – eit samanlikningsstudie av Besseggen og Galdhøpiggen**

Tourism and local management – a comparative  
study of Besseggen and Galdhøpiggen

Harald Otterstad

Naturbasert reiseliv

## Samandrag

Denne oppgåva er eit komparativt studie mellom to reiselivsdestinasjonar som ligg i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark: Besseggen-området i Vågå kommune og Galdhøpiggen-området i Lom kommune. Problemstillinga som er «*Kva finst av likskap og ulikskap i den lokale forvaltninga av to turistmål i same nasjonalpark?*» For å belyse problemstillinga har eg brukt adaptiv medforvaltning med formål å avdekke skilnader i den lokale forvaltninga.

For å kunne svare på problemstillinga, vart det gjennomført semi-strukturerte intervju med tolv informantar med tilknytning til desse områda. Informantane kjem frå reiselivsnæringa i begge områda, nasjonalparkforvaltninga, Statens naturoppsyn og fjellstyra for statsallmenningane i dei to kommunane, med like mange informantar frå begge områda. I oppgåva blir resultatane frå desse intervjuane diskutert, samanstillt og vurdert i lys av ein adaptiv medforvaltningsprosess, der case-områda blir samanlikna.

Funna viser det er skilnader forvaltninga av dei to områda. Skilnadane går særleg på korleis dei private reiselivsaktørane har organisert seg og medverkar i den lokale forvaltninga. I

Besseggenområdet har dei private reiselivsaktørane organisert seg i ein samanslutning. Der er det og faste møtepunkt mellom reiselivsaktørane og nasjonalparkforvaltninga, og andre offentlege etatar. I Galdhøpiggen-området har dei private reiselivsaktørane ikkje organisert seg på same måten. Her byggjer relasjonar på tilfeldige personlege møte.

Mangel på ressursar gjer at reiselivsforvaltninga er ein begrensande faktor i utviklinga av den lokale forvaltninga. Dette er uttrykt både av informantar frå reiselivsnæringa og i nasjonalparkforvaltninga. Sjølv om det blir påvist skilnader i nasjonalparkforvaltninga sitt nærvær i dei to områda synes dette likevel ikkje å ha nemneverdig innverknad på korleis verneområdet blir ivaretatt.

## Abstract

This thesis is a comparative study of two tourist destinations which is located in Jotunheimen National Park: called the Besseggen area in Vågå municipality and the Galdhøpiggen area in Lom municipality. The problem studied is "Are there differences in the local management of two tourist destinations located in one National Park?"

To answer this problem, semi-structured in depth interviews were conducted with twelve informants from the tourism industry in both areas, the National Park Management, the Norwegian Nature supervision and representatives from the municipalities, with the same number of informants from both areas. In the thesis, the results the interviews where discussed, collected and evaluated in the light of an adaptive co-management process, where the case areas are compared.

The results shows that there are some differences in the management of the two the areas. The differences are is focused especially on the private tourism industry, how its organized and works together with the local government. In the Besseggen area, the private tourism operators have organized themselves into a joint association. There is a fixed meeting point between the tourism operators and the national park administration, and other public authorities. In the Galdhøpiggen area, the private tourism operators are not organized the same way, where the relationships builds upon casual meetings.

Lack of resources in the tourism management is a limiting factor in the development of local government. This is expressed both by informants from the tourism industry and in the National Park administration. However, it is expressed by both the National Park administration's presence in these areas, this does not seem to have an impact on the protection of the National Park.

## Innhold

Samandrag.....	1
Abstract .....	2
Føreord.....	5
1. Innleiing.....	6
1.2 Verneforskrift .....	7
1.3 Den lokale forvaltningsmodellen .....	7
1.4 Besøksstrategi .....	8
1.5 Friluftsliv, naturbasert reiseliv og sosio-økologisk system.....	9
1.5 Formål med oppgåva.....	10
2. Teori.....	11
2.1 Berekraftig reiselivsforvaltning .....	11
2.2 Adaptiv medforvaltning.....	11
2.4 Tidlegare undersøking.....	15
3. Case- og områdeskildring .....	17
3.1. Jotunheimen nasjonalpark .....	17
3.1.1. Område.....	17
3.1.2. Vern og forvaltning.....	17
3.1.4. Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark .....	20
3.1.5. Besøksstrategi .....	20
3.2 Case-område .....	21
3.2.1 Besseggen.....	22
3.2.2. Galdhøpiggen .....	24
4. Metode .....	26
4.1 Forskingsmetode .....	26
4.2 Forskingsdesign .....	26
4.3 Utval .....	26
4.4 Gjennomføring av intervju .....	27
4.5 Analyse av data.....	28
4.6 Vurdering av datagrunnlaget.....	28
5. Resultat.....	30
5.1 Besseggen.....	30
5.1.1 Definer det sosioøkologiske systemet som er under fokus .....	30
5.1.2 Kartlegging av forvaltningsoppgåver som må utførast og utfordringar som må løysast.....	31

5.1.3 Identifisere deltakarar i medforvaltningsaktivitetar og relaterte problemløysande prosessar. ....	33
5.1.4 Analyser relasjonar. ....	36
5.1.5. Evaluere kapasitetsbehova. ....	38
5.2. Galdhøpiggen .....	40
5.2.1. Definer det sosioøkologiske systemet som er i fokus. ....	40
5.2.2. Kartlegg forvaltningsoppgåver som må utførast og utfordringar som må løysast. ....	41
5.2.3. Identifisere deltakarar i medforvaltningsaktivitetar og relaterte problemløysande prosessar. ....	45
5.2.4. Analyser relasjonar. ....	45
5.2.5 Evaluere kapasitetsbehova. ....	47
6. Diskusjon .....	51
6.1 Dei sosio-økologiske systema. ....	51
6.2 Forvaltningsoppgåver som skal utførast og problem som skal løysast. ....	53
6.3. Identifisere deltakarar i medforvaltningsaktivitetar og relaterte problemløysande prosessar. ....	55
6.4. Analyser relasjonar .....	56
6.5 Evaluere kapasitetsbehova. ....	57
6.6 Anbefale løysingar .....	58
6.6.1. Besseggen .....	58
6.6.2 Galdhøpiggen .....	59
6.7 Anna forskning. ....	60
7. Konklusjon .....	61
7. Kjeldeliste: .....	62
Vedlegg. ....	65

## Føreord

Denne oppgåva er skriven som avslutning på det toårige masterprogrammet i Naturbasert reiseliv ved Fakultet for miljøvitenskap og naturforvaltning, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU), Ås.

Oppgåva handlar om besøksforvaltning, og idéen til oppgåva fekk eg etter samtale med tidlegare nasjonalparkforvaltar, no Magnus Snøtun.

Rettleiaren min, professor/forskningsleiar Øystein Aas ved NMBU/NINA, har vore til god hjelp og gitt meg gode tilbakemeldingar undervegs i arbeidet med oppgåva. Eg takkar også alle informantane. Oppgåva hadde ikkje blitt til viss dei ikkje velvillig hadde stilt opp.

Eg er ein storbrukar av natur, og eg likar meg best i urørde omgjevnader. Case-områda mine, Besseggenområdet og Galdhøpiggenområdet, er imidlertid begge ikonpunkt i turistsamanheng, med stor tilstrøyming. Motivasjonen min for å skrive oppgåva har vore å få betre innsikt i korleis ein kan kombinere natur og turisme på ein berekraftig måte

## 1. Innleiing

Ifølgje den siste reiselivsmeldinga var 2016 eit rekordår for norsk reiselivsnæring, trass i kraftig auke også året før (Meld. St. 19, 2016-2017). På verdsbasis er også reiselivet i kraftig vekst, og det naturbaserte reiselivet blir ofte hevda å vere den raskast veksande segmentet (Øian et al., 2018). Det naturbaserte reiselivet dominerer reiselivsnæringa i Noreg, og nøkkeltal frå Innovasjon Norge viser at naturen og fjella er blant dei viktigaste grunnane til at norske og utanlandske turistar ferierer i Noreg (Innovasjon Norge, 2017; Øian et al., 2018). Dei siste 20 åra har det også vore sterke politiske signal om å satse meir på naturbasert reiseliv. Det naturbaserte reiselivet blir løfta fram som eit viktig satsingsområde i både reiselivs- (Meld. St. 19, 2016-2017) og friluftslivsmeldinga (Meld. St. 18, 2015-2016).

Tidlegare kunne norske styresmakter legge ned strenge restriksjonar på kommersiell aktivitet i norsk natur (Skjeggedal, Overvåg, Flognfeldt & Ringholm, 2013). I Stortingsproposisjon nr. 65 frå våren 2003 finn ein den sokalla «fjellteksten» (St.prp. nr. 65, 2002-2003). Den blei i si tid utarbeidd av Regjeringa etter ei oppfordring frå Stortinget, om korleis utmark generelt og verneområde spesielt i større grad kunne nyttast i reiselivsnæringane for å oppnå lokal verdiskaping (Heiberg, Hagen & Christensen, 2006). I fjellteksten vert det gjeve politiske signal om auka turistmessig bruk av verneområda, utan at natur og kulturhistoriske verdiar vert øydelagde (St.prp. nr. 65, 2002-2003). Den skulle opne opp for at kommersielle reiselivsaktørar i større grad skulle kunne få operere innanfor og i randsonene på nasjonalparkane (St.prp. nr. 65, 2002-2003). Fjellteksten har seinare blitt kritisert for at den ikkje har ført til vesentlege endringar i politikken som skal styrke verdiskapinga i fjellområda (Skjeggedal et al., 2013).

Noregs 37 nasjonalparkar dekkjer kring 10 prosent av fastlandsarealet. Hovudformålet med nasjonalparkar etter naturmangfaldlova er å bevare større samanhengande naturområde, der ein finn særigne eller representative økosystem eller landskap som er utan større naturinngrep (Naturmangfoldloven, 2009). Nasjonalparkane er viktige for friluftslivet, men også for det naturbaserte reiselivet. Kring 1200 naturbaserte reiselivsbedrifter har nasjonalparkane som sitt næringsgrunnlag (Meld. St. 18, 2015-2016). For å synleggjere nasjonalparkane som attraktive turmål, lanserte regjeringa i 2015 ein ny merkevare- og kommunikasjonsstrategi (Dahl, 2018). Målet er å gjere nasjonalparkane endå meir attraktive som friluftslivsområde og reisemål, og bidra til eit tettare samarbeid mellom alle relevante aktørar (Meld. St. 18, 2015-2016). Den nye strategien skal også bidra til betre vern og større verdiskaping i tilknytning til nasjonalparkane. Merkevara inneber ein heilskapleg visuell profil som skal gjere nasjonalparkane meir tilgjengelege (Dahl, 2018). Som ein del av den nye merkevaresatsinga skal alle nasjonalparkane ha utarbeidd ein eigen besøksstrategi, som

er ein plan for korleis forvaltningsmyndigheita skal handtere reiselivs- og rekreasjonsaktiviteten i verneområdet. Besøksstrategien skal vise kva for tiltak som er nødvendige for å balansere verneverdiar, besøkstrykk og lokal verdiskaping i eit verneområde, slik at alle tre interesser får størst mogleg nytte av strategien (Miljødirektoratet, 2015).

Dei seinare åra har det i Noreg vore ei kraftig besøksauke til såkalla «ikonpunkt». Fjelltoppar som tidlegare hadde eit moderat besøkstal, kan i dag trekke fleire titalstusen besøkande årleg. Fleire stadar har dette resultert i slitasje, forsøpling, kostbare redningsaksjonar og oppleving av trengsel blant dei besøkande (Øian et al., 2018). Med mindre noko anna kjem fram av verneforskrifta gjer allemannsretten gjer det vanskeleg for myndigheitene å styre ferdselen gjennom bruk av direkte verkemidlar. Dette kan også vere utfordrande ettersom mange vel å gå sjølvorganiserte turar, trass i varierende kunnskap og utrustning (Øian et al., 2018). Auka mobilitet som følgje av betre transport løysingar, marknadsføring og forfremming av ikoniske turmål, bilete- og informasjonsdeling på sosiale medium, nye motiv for å besøke attraksjonar, og ei kraftig hytteutbygging i fjellet, er alle faktorar som har bidrege til å konsentrere friluftaktivitar og turistbesøk til visse avgrensa områder i langt større grad enn før (Øian et al., 2018).

## 1.2 Verneforskrift

Ei forskrift er generelle reglar om borgarens rettigheter eller plikter, fastsett av offentleg myndighet. På same måte som med lover er ei forskrift bindande både for borgarar og myndigheiter (Bernt, 2019). Ei verneforskrift regulerer og forbyr inngrep og aktivitetar som kan vere i strid med verneformålet (Miljødirektoratet, 2014). Eit vernevedtak fastsett rammer for naturinngrep og menneskets bruk og ressursutnytting innanfor eit verneområde. I forkant av eit vernevedtak blir det gjort avvegingar mellom vern og tiltak som kan skade verneverdiane. Desse interesseavvegingane er grunnlaget for bestemmingane i den enkelte verneforskrift. Dette innebera at det kan bli fastsett unntak frå anna lovverk i verneforskrifta som opnar for at nærmare bestemte tiltak og aktivitetar skal vere tillate. Forvaltningsmyndigheita kan også gi dispensasjon frå verneforskrifta til bestemte formål dersom heimel er til stades (Miljødirektoratet, 2014). Verneforskrifta gjeld ikkje for aktivitet som skjer utanfor vernegrensa. Det er difor viktig at tilgrensande område blir forvalta på ein slik måte at ikkje verneverdiane inne i parken blir forringa (Miljødirektoratet, 2014).

## 1.3 Den lokale forvaltningsmodellen

I 2010 blei forvaltningsansvaret i norske nasjonalparker flytta ut til lokale styrer bestående av lokalpolitikarar kommunar og fylkeskommunar (Lundberg, Hongslo, Hovik & Bay-Larsen, 2013). Med utgangspunkt i ei innstilling frå energi- og miljøkomitéen med lov om statleg naturoppsyn tok



Stortinget initiativ til eit forsøk med lokal forvaltning av fleire større verneområde (Innst. O. nr. 64, 1995-1996). Bakgrunnen var ei bekymring for aukande konflikter mellom grunneigarar og kommunale myndigheiter på eine sida, og statleg naturforvaltning på den andre. I tillegg var det eit ynskje om å oppnå større lokal tilslutning om statleg vern (Lundberg et al., 2013). Etter fleire år med forsøk av lokale forvaltningsmodellar i utvalde verneområde, vedtok regjeringa i 2009 nye føresegner som gjorde at tidlegare praksis med sentral styring og fagbasert forvaltning i større grad skulle avløyast av lokal kontroll (Lind & Liebe, 2012). Dette innebar ein forvaltningsmodell der forvaltningsansvaret var delegert til eit nasjonalparkstyre eller verneområdestyre. Dette styret er oppnemnd av og direkte underlagt Klima- og miljødepartementet og medlemmane blir valde av kommunestyra, fylkestinga og evt. sametinget (Lundberg et al., 2013). Det er også tilsett ein nasjonalparkforvaltar hos fylkesmannen som fungerer som sekretær for Nasjonalparkstyret og som er underlagt styret i alle saker som gjeld forvaltninga av verneområdet (Lind & Liebe, 2012). Nasjonalparkforvaltarane er plasserte lokalt i tilknytning til verneområda, i sokalla forvaltningsknytepunkt (Lundberg et al., 2013). Nasjonalparkstyret skal også opprette eit fagleg rådgjevande utval, der røynde interesser skal vere representert. Dette kan blant anna vere grunneigarar, villreinnemnder, fjellstyre, næringsliv og frivillige organisasjonar (Lind & Liebe, 2012). Den lokale forvaltningsmodellen byggjer på fire føresetnadar: (1) Lokal forvaltning, (2) Einskapleg forvaltning, (3) Kunnskapsbasert forvaltning, (4) Rapportering, kontroll og sanksjonsordningar (Prop. 1 S, 2009-2010). Målsettingane for modellen er å kombinere lokal forankring og ei einskapleg forvaltning i tråd med vernevedtaka. Den lokale forankringa og eigarskapet er forsøkt ivareteke gjennom lokalpolitisk deltaking. Heilskapleg forvaltning blir forsøkt ivareteke gjennom oppretting av eit nasjonalparkstyre med ansvar for heile verneområdet og som er direkte underlagt statleg instruksjonsmynde. Fagleg kompetanse er forsøkt sikra ved å ha nasjonalparkforvaltaren tilsett hos fylkesmannen (Lundberg et al., 2013). Den lokale forvaltningsmodellen har i ettertid blitt kritisert manglande rolleavklaring på dei ulike administrative nivåa, noko som har skapt problem for dei private reiselivsaktørane. Det blir hevda at mangelen på strategi og samordning for korleis ein skal implementere verdiskaping har vore eit hinder for utvikling av reiselivet i nasjonalparkane (Overvåg, Skjeggedal & Sandström, 2016)

#### 1.4 Besøksstrategi

Besøksstrategien skal vere ein plan for korleis forvaltningsmyndigheitene skal drive besøksforvaltning i verneområde (Miljødirektoratet, 2015). Besøksstrategien skal vise kva for tiltak som er naudsynte for å balansere verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping i eit verneområde, slik at ein oppnår størst mogleg nytte for alle dei tre interessefeltene. For å klare dette, er prosessen som blir gjennomført i besøksstrategiarbeidet viktig. Dette kan vere ein arena for dialog mellom fleire aktørar, der ein kan finne løysingar på felles utfordringar og avdekke nye moglegheiter. Strategien skal

primært fokusere på forvaltninga sine egne ansvarsfelt og arbeidsoppgåver. Det er altså ikkje snakk om ein reiselivsstrategi for området, men strategien skal likevel innehalde kva som gir meirverdi for reiselivet (Miljødirektoratet, 2015).

### 1.5 Friluftsliv, naturbasert reiseliv og sosio-økologisk system.

Oppgava tek for seg forvaltning av det vi kan kalle friluftsliv eller reiseliv i fjellet, og kva for organisatorisk system dette inngår i. La oss ta ein titt på definisjonane til desse omgrepa.

Stortingsmelding nr. 18 (2015-2016, s. 10) har lagt følgande definisjon til grunn for friluftslivet:

«Opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse». Dette er den same definisjonen som blei lagt til grunn i den første stortingsmeldinga om friluftsliv frå 1987. Betydninga av friluftslivet er også lovfesta i friluftsløva §1:

*Formålet med denne loven er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre almenhetens rett til ferdse, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes (Friluftsløven, 1957).*

Sjølv om friluftslivet er definert i offentlege dokument og omtalt i lova, er det ifølgje Hågvar (2014) vanskeleg å formidle friluftslivet sine verdiar, då det handlar om opplevingsverdiar. Han legg til grunn at det i Stortingsmeldingar om friluftsliv er lagt hovudvekt på den helsemessige gevinsten av å bevege kroppen, men at friluftslivet gir verdiar langt utover det å bevege skjelett og musklar.

Det er eit nært forhold mellom friluftsliv og verdiskaping basert på natur- og kulturarven. Det naturbaserte reiselivet dekkjer den auka etterspurnaden etter føring, kurs og opplevingstilbod i naturen. Interesse for friluftsliv blant nordmenn og utanlandske turistar er ein viktig føresetnad for mange reiselivsbedrifter (Stortingsmelding nr. 18, 2015-2016). I tillegg er det naturbaserte reiselivet den delen av reiselivet som har opplevd størst vekst dei siste åra (Fredman & Haukeland, 2017).

Naturbasert reiseliv er eit omfattande omgrep som er vanskeleg å definere. Ei av årsakene er at den naturbaserte turisten ikkje alltid lett lar seg skilje frå den vanlege rekreasjonisten. I litteraturen blir det naturbaserte reiselivet omtalt ulikt, og ein manglar difor i dag ein samla og eintydig definisjon på fenomenet (Fredman & Tyrväinen, 2010). Trass dette har Fredman, Wall-Reinius og Lundberg (2009) foreslått ein definisjon: «Naturbasert reiseliv omfattar menneskers aktivitetar når dei besøker naturområde utanfor sine vanlege omgjevnadar». Vidare tar dei også for seg naturbasert reiseliv som næring: «Den naturbaserte reiselivsnæringa omfattar dei bedrifter og organisasjonar med verksemd som forsøker å møte denne etterspurnaden» (Fredman & Tyrväinen, 2010).

I Fredman et al. (2009) sin definisjon av det naturbaserte reiselivet er det tre sentrale føresetnader for fenomenet; aktivitet, naturområde og utanfor vande omgjevnader. (1) *Aktivitet* blir forklart som handlingar utandørs, inkludert fysiske aktivitetar, matlaging, avkopling, osv. (2) *Naturområde* er ubygde område, i stor grad utmark. Dette treng nødvendigvis ikkje berre omfatte urørt villmark, men kan også dreie seg om kulturlandskap. (3) Når ein talar om «utanfor vande omgjevnader» legg definisjonen til grunn dei same retningslinjene som reiselivet generelt. Dette vil seie ei reise på minst 100 km heimanfrå der ein ikkje forflyttar seg for å jobbe og der opphaldet ikkje varar lenger enn eit år.

Eit sosio-økologisk system er eit økologisk system som er forbundet med og påverka av eit eller fleire sosiale system. Et økologisk system kan laust definerast som ein interrelasjon av ikkje-menneskelege einingar (Anderies, Janssen & Ostrom, 2004). Sosial blir brukt om noko som er knytt til relasjon mellom menneskjer (Store norske leksikon, 2018). Såleis inneheld både sosiale og økologiske system einingar som interagerer mellom kvarandre og kvar for seg kan innehalde interaktive delsystem. Vi bruker omgrepet sosio-økologisk system for å referere til delsettet av sosiale system der nokon av dei gjensidige forholda mellom menneskjer er formidla i samspel med ikkje-menneskelege einingar (Anderies et al., 2004).

### 1.5 Formål med oppgåva

Problemstillinga eg vil undersøke i denne oppgåva er:

***Er det ulikskapar i den lokale forvaltninga av to turistmål i den same nasjonalparken?***

Dersom det er påviselege ulikskapar:

- Kva er årsakene?
- Får ulikskapane verknader for forvaltninga i dei to turistmåla?
- Kva kan gjerast for å hindre ulikskapar ?

## 2. Teori

### 2.1 Berekraftig reiselivsforvaltning

Sidan 1992 og den globale Rio-konferansen om berekraftig utvikling, har omgrepet berekraft danna eit viktig politisk rammeverk for reiselivet (Galvin et al., 2012). UNWTO (2005) har definert tre dimensjonar som skal sikre eit berekraftig reiseliv; miljømessige, sosiale og økonomiske. Medan den økonomiske dimensjonen ved berekraftig reiseliv har blitt favorisert i lengre tid ser det no ut til å gå mot ei endring der ein i større grad også anerkjenner dei to andre dimensjonane (Øian et al., 2018). I sjølve reiselivsforvaltningsarbeidet ser det ut til at den offentlege sektoren legg føringar om å gi lokalsamfunna meir ansvar i forvaltningsarbeidet, der samhandling mellom relevante aktørar har blitt spesielt vektlagt (Øian et al., 2018). Sjølv om samarbeidspolitikk og deltakande planleggingsprosessar ofte kan bli sett på som kostbare og tidkrevjande, er dette likevel ein viktig del av den sosiale dimensjonen ved berekraftig reiseliv og soleis nødvendig for å lukkast på dette feltet (McCool, 2009).

Reiselivsdestinasjonar kan sjåast på som opne og fleksible system, med høg grad av interaksjon mellom ulike aktørar, som reiselivstilbydarar, lokale innbyggjarar, lokale styresmakter og turistane sjølv. Ein destinasjon er soleis eit mangfald av offentlege og private aktørar, inkludert dei som ikkje direkte er involvert i besøksforvaltninga eller tilbyr eit reiselivsprodukt (Øian et al., 2018). Viss ein i tillegg drar inn dei naturressursane som ein destinasjon avhenger av, snakkar vi om eit sosio-økologisk system (Ostrom, 2009). Naturbaserte reiselivsdestinasjonar kan difor seiast å vere sosio-økologiske system beståande av dei ulike aktørane og dei naturgjevne tilhøva. Denne interrelasjonen kan forståast som eit system av menneskelege og ikkje-menneskelege komponentar som anten arbeider med eller mot kvarandre (Ostrom, 2009; Øian et al., 2018). I den neste delen av dette kapitlet vil eg presentere ein forvaltningsmodell som har til føremål å bidra til eit berekraftig reiseliv gjennom å skape eit sosio-økologisk system basert på læring og samhandling.

### 2.2 Adaptiv medforvaltning

Tradisjonelt sett har den norske verneområdeforvaltninga i stor grad vore basert på regelstyrt forvaltning. I dei seinare åra ser det ut at til forvaltningspraksisen i norske verneområde i større grad går frå å vere regelstyrt til å fokusere meir på adaptive forvaltningsmodellar. Regelstyrt forvaltning inneber at det er offentlege byråkratar med fagkunnskap på feltet som vurderer kva som er akseptabelt eller ikkje i eit verneområde. Adaptive forvaltningsmodellar byggjer på dei same krava om kunnskap som regelstyrt forvaltning, men prosessane som førar fram til avgjersler er opne og ofte basert på forhandlingar gjennom medverknad frå alle involverte aktørar (Gundersen, Andersen,

Kaltenborn, Vistad & Wold, 2011). Ifølgje McCool (2009) vil den regelstyrte forvaltninga komme til kort i forvaltning av naturbasert reiseliv i verneområde. Han argumenterer med at den «ekspert-baserte» praksisen verken er inkluderande eller tilpassingsdyktig nok til å handtere dei raske endringane vi ser innan det naturbaserte reiselivet, og etterlyser meir samarbeid blant ulike aktørar i verneområde.

Adaptiv medforvaltning (*engelsk: adaptive co-mangement*) er ein forvaltningsstrategi som kombinerer medforvaltning (*engelsk: co-management*) med adaptiv forvaltning (*engelsk: adaptive management*) (Plummer & Fennell, 2009). Både medforvaltning og adaptiv forvaltning har som einskilde forvaltningsstrategiar fått auka merksemd dei siste åra (Armitage et al., 2009).

Medforvaltning handlar om å fordele makt og ansvar mellom dei ulike aktørane innanfor eit aktuelt område. Dette krev samordning på alle nivå, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Med andre ord er medforvaltning basert på samarbeid gjennom partnerskap mellom lokale næringsaktørar, ikkje-statlege organisasjonar, ressursbrukarar, offentleg forvaltning og andre involverte aktørar (Berkes, Armitage & Doubleday, 2007). Adaptiv forvaltning er ei tilnærming der eit forvaltningstiltak blir sett på som eit eksperiment og ikkje ei endeleg løysing (Berkes et al., 2007). Dette skjer gjennom ein kontinuerleg prosess av læring, feiling og korrigering av kurs, der kunnskapen og dei resultatane ein har oppnådd i løpet av prosessen skal brukast i vidare forvaltning og utvikling av områda (Gundersen et al., 2011).


Adaptiv medforvaltning skil seg frå både medforvaltning og adaptiv forvaltning. Det kan bli sett på som eit styresett som er basert på eit nettverk av heterogene aktørar med ulik interesser og utgangspunkt, der ein løyser problem, tar avgjersler, og utførar handlingar i fellesskap (Fennell, Plummer & Marschke, 2008). Samtidig med dette skal det vere ein gjentakande prosess som fostrar sosial læring gjennom å kritisk vurdere verknad og effekt av ulike tiltak (Berkes et al., 2007). Sjølv omgrepet adaptiv medforvaltning har opp igjennom åra blitt definert ulikt. Folke et al. (2002, s. 20) har med utgangspunkt i naturressursforvaltning definert adaptiv medforvaltning som; "A process by which institutional arrangements and ecological knowledge are tested and revised in a dynamic, ongoing, self-organized process of trial and error". Olsson, Folke og Berkes (2004, s. 75) definerer adaptiv medforvaltning som; "Flexible community-based systems of resource management tailored to specific places and situations and supported by, and working with, various organizations at different levels". Gjennom erfaringar frå skogsektoren foreslår Colfer (2005, s. 4) å definere adaptiv medforvaltning som; "conscious efforts among such groups to communicate, collaborate, negotiate and seek out opportunities to learn collectively about the impacts of their actions". Plummer og Fennell (2009) presiserer at det vil vere fundamentalt feil å gi adaptiv medforvaltning ein enkel definisjon. Sidan det er ein høgst fleksibel forvaltningstilnærming som bring saman samarbeid med

dynamisk læring i konkrete situasjonar, vil det då vere viktigare å forstå eigenskapane til tilnærminga.

Adaptiv medforvaltning sine eigenskapar byggjer på:

- **Pluralisme og kommunikasjon.** Aktørar frå ulike sektorar med forskjellige prinsipielle interesser tar del i ein prosess som skal bidra til felles forståing av ei utfordring eller eit problem. Denne prosessen er basert på kommunikasjon og forhandling. Konflikt blir sett på som ein moglegheit og ikkje eit hinder.
- **Delt beslutningstaking og makt.** Transaktiv beslutningstaking er ein føresetnad for å få til avgjersler. Ei rekke kjelder til kunnskap blir nytta. Makta er delt mellom dei involverte aktørane.
- **Koplingar, nivå og autonomi.** Aktørar kopla saman på ulike nivå og på tvers av sektorar. Trass i felles interesser og forpliktingar, er det hensiktsmessig med autonomi mellom aktørar på dei ulike nivåa. Formelle og uformelle møte vil derfor kople saman dei ulike nivåa for å bevare fleksibiliteten.
- **Læring og tilpassing.** Handlingar og politikk blir betrakta som eksperimentell. Tilbakemeldingane gir mogelegheiter for sosial læring der utfallet vil vere kollektiv refleksjon over moglege tilpassingar på framtidige initiativ. Læringa kan ha betydning for rutinar, verdiar og politikk, og kritiske spørsmål underlagt styresettet. Kapasitet til å tilpasse og utvikle tillit og kunnskap blir akkumulert i eit kollektivt sosialt minne.  
(Plummer & Fennell, 2009)

Plummer og Fennell (2009) foreslår ein modell som tar for seg seks steg i ein adaptiv medforvaltningsprosess. Modellen har til hensikt å kunne fungere som støtte til forskning og den praktiske bruken av adaptiv medforvaltning i verneområde. Figur 1 tar for seg dei seks stega i ein adaptiv medforvaltningsprosess. Pilene skal syne tilbakemeldingane i ein gjentakande prosess der sjølve læringa oppstår.



Figur 1: Ein adaptiv medforvaltningsprosess for eit berekraftig reiseliv. Modellen er modifisert i frå Plummer og Fennell (2009)

Steg 1 innebere å definere case-området, ressursar som er der og dei aktørar som har interesse knytt til desse ressursane, og organiseringa dei i mellom. I steg 2 kartlegg ein forvaltningsoppgåver, ser på kortsiktige og langsiktige forvaltningsvedtak, og kven som har rett til å fatte slike vedtak. Steg 3 handlar om å gjere greie for alle deltakarane i prosessen, inkludert spørsmål knytt til kven som er involverte i problema og korleis desse forvaltningsoppgåvene er organiserte. Steg 4 er ein prosess der ein analyserer samband mellom involverte aktørar, både i ein historisk og politisk samanheng. Dette steget inneber også ein analyse av korleis lokalsamfunnet i større grad kan påverke sentrale vedtak. Steg 5 inneber å identifisere kva tiltak som er nødvendig for å utvikle, forbetre og bruke eigenskapane til private føretak og offentlege organ på alle nivå. Steg 6 handlar om å evaluere effekten av vedtak i ein open kommunikasjon mellom involverte aktørar, for å bidra med kunnskap til

politikarar og offentlege organ som igjen kan bidra til problemløysing. Ved å nytte desse trinna har alle involverte aktørar moglegheit til å engasjere seg i ein reflekterande og problemløysande prosess der ei rettferdig maktfordeling vil kunne vere resultatet (Plummer & Fennell, 2009).

## 2.4 Tidlegare undersøking

Tidlegare har det vore gjennomført studiar i Noreg der relasjonen mellom lokale aktørar og forvaltningsmyndigheitene i verneområdeforvaltninga har blitt undersøkt. Haukeland (2010) gjennomførte i 2010 eit studie som tok for seg lokale reiselivsaktørar sine oppfatningar av forvaltningsmyndigheita i dei to verneområda Rondane nasjonalpark og Jotunheimen nasjonalpark. Funna i studiet viser at det blant reiselivsaktørane er ei generell støtte til områda sine statusar som nasjonalpark. Derimot viste studiet at det var lite involvering av lokale reiselivsaktørar i planprosessane til forvaltninga. Soleis opplevde dei lite innverknad på dei endelege forvaltningsvedtaka. Reiselivsnæringa si oppfatning var at moglegheitene for næringsutvikling var innskrenka eller mangelfulle som følgje av det dei meinte var overdrivne strenge restriksjonar frå forvaltninga. Det kjem òg fram av undersøkinga at reiselivsaktørane meinte forvaltningsmyndigheitene hadde manglande kompetanse om nærings- og reiselivsutvikling. Reiselivsnæringa hevda at forvaltningsmyndigheitene i større grad burde inkludere berekraftig reiseliv i deira visjonar og mål. Basert på desse funna hevda Haukeland (2010) at det er potensiale for at lokale reiselivsentrepreneurar i større grad kan ta del i planprosessar og forvaltningsoppgåver. Han konkluderte vidare med at desse funna burde bidra til å fostre eit varig og tillitsfullt planleggingssamarbeid mellom ansvarleg forvaltning og lokale reiselivsentrepreneurar i dei to nasjonalparkane.

Dei funna som gjekk spesifikt på Jotunheimen nasjonalpark, viser at kontakten mellom forvaltninga og reiselivsnæringa var mangelfull den gongen undersøkinga blei gjennomført. Dei lokale reiselivsaktørane opplevde manglande involvering i planprosessane og få moglegheiter til å påverke forvaltningsvedtak. Somme av reiselivsaktørane knytte dette til mangelen på ressursar hos forvaltninga, men nokre kritiserte også forvaltninga for manglande kompetanse til å gjennomføre nødvendige tiltak for ei berekraftig reiselivsutvikling i og rundt parken. Fleire informantar understreka også viktigheita av å halde parken rein og ryddig, og det ynskte seg betre ordninga for søppelhandtering og toalettfasilitetar. Det vart hevda at ved fleire av innfallsportane til Jotunheimen nasjonalpark byrja søppel- og toalettutfordringar å bli eit stort problem. Reiselivsaktørane sakna vidare betre skilting og informasjon i nasjonalparken. I artikkelen rettar reiselivsaktørane ytterlegare kritikk mot forvaltninga i Jotunheimen nasjonalpark for manglande fleksibilitet for infrastrukturutvikling i parken. Spesielt knytt til motorisert ferdsel innanfor parken då det frå enkelte



næringsdrivande vart hevda å vere særst viktig for transport av besøkande til deira lokalitetar i og rundt nasjonalparken. Det kjem òg fram av undersøkingane til Haukeland (2010) at det skal vere eit sterkt ynskje blant reiselivsaktørane i Jotunheimen til å bidra i forvaltningsarbeidet i nasjonalparken. Nokre av reiselivsaktørane viste interesse for å kunne komme med innspel i planprosessane, og andre viste stor interesse for å få til eit samarbeid som kunne bidra til å løyse utfordringane knytt til avfalls og toaletthandtering inne i nasjonalparken.


Forvaltningsrestriksjonar blir ifølgje Haukeland (2010) i varierende grad antatt å vere til hinder for reiselivsutvikling. Somme reiselivsaktørar hevda at drifta deira har blitt hindra av restriksjonar på motorisert transport, både båttransport og snøskutertransport. Dei meinte også at økonomiske kunne førast attende til manglande støtte til reiselivsutvikling i nasjonalparken frå forvaltninga si side. Relasjonen mellom forvaltningsmyndigheita og reiselivsnæringa blir skildra som eit forhold med sjeldan personleg kontakt og manglande gjensidig engasjement. Dette gjorde at reiselivsnæringa fekk låg tillit til forvaltninga sine planprosessar og vedtak i nasjonalparken. Reiselivsaktørane føler seg makteslause, og dei kritiserte den manglande kommunikasjonen mellom forvaltning og lokale reiselivsentreprenørar (Haukeland, 2010).

### 3. Case- og områdeskildring

#### 3.1. Jotunheimen nasjonalpark

##### 3.1.1. Område

Jotunheimen nasjonalparken vart oppretta i 1980 og omfattar om lag eit 1151 km<sup>2</sup> stort fjellområde i kommunane Lom, Vågå og Vang i Oppland, og Luster og Årdal i Sogn og Fjordane (Ryvarden & Løken, 2011). Nasjonalparken strekkjer seg frå vestnorsk natur, med høge og kvasse tindar i Hurrungane, til austlandsk natur med store dalar og fjellvatn (Miljødirektoratet, 2018a). Jotunheimen blir ofte omtalt som «Noregs tak» ettersom det er her ein finn dei høgste fjella i Noreg. Samtlege av Noregs fjelltoppar 2300 meter over havet ligg i Jotunheimen. Mellom dei store fjellmassiva finn ein markerte og mektige dalar. Ei mengd større og mindre brear pregar dette landskapet. I austlege delar av nasjonalparken er det ein del vatn og mindre innsjøar, med Gjende som den største og meste kjende (Ryvarden & Løken, 2011).




Figur 2: Jotunheimen nasjonalpark si plassering. Modifisert frå Miljødirektoratet (2018c)

##### 3.1.2. Vern og forvaltning

Like før jul 1980 vedtok Stortinget å verne 1145 kvadratkilometer av Jotunheimen, og fjellområdet fekk då status som nasjonalpark. I verneprosessen blei det lagt stor vekt på at området har nokre av dei mest typiske ville fjellformasjonane i Noreg, med innslag av både vestlandsk og austlandsk

fjellnatur. Det skulle likevel ta lang tid frå dei først tankane om nasjonalpark i Jotunheimen til området fekk status som verneområde i 1980 (Lauritzen & Solem, 2009). Allereie under DNT si generalforsamling i 1904 fremja dåverande formann, professor Yngvar Nielsen, forslag om vern av fjellområdet, truleg inspirert av USA som hadde oppretta verdas første nasjonalpark 30 år tidlegare. Ein hadde allereie på det tidspunktet sett at naturinngrep kunne ta store naturområde og at landskapskvalitetane blei forringa. Tanken var difor å kunne vise deler av landet i urørt tilstand også i framtida (Grønvold, Faarlund, Kaltenborn & Møllebak, 2006). Trass i dei tidlege tankane om vern av Jotunheimen skulle det gå nesten 80 år frå den første idéen til den endelege etableringa av Jotunheimen nasjonalpark. I løpet av desse åra hadde vasskraftregulering og bilvegar gjort beslag på areal som opphøveleg var tenkt verna (Lauritzen & Solem, 2009).

Hovudutfordringa i forvaltning av verneområde er å ta vare på mangfaldet og naturkvalitetane samtidig som områda skal kunne nyttast til rekreasjon, undervisning og næring. Dette vil seie at områda blir skjerma mot inngrep og aktivitetar som kan redusere naturmiljøet og dei kvalitetane områda har i dag. Eit viktig verktøy for forvaltning av verdier og brukarinteresser er ein eigen forvaltningsplan for verneområda. Planen skaper føreseieleg forvaltning og gir retningslinjer i arbeidet med praktiske oppgåver som skjøtsel, tilrettelegging og bruk (Lauritzen & Solem, 2009). I Jotunheimen nasjonalpark er dette mellom anna gjort ved å dele området inn i soner for urørt natur, brukssoner og soner for spesiell tilrettelegging og inngrep. Formålet er at enkelte område blir underlagt relativt strengt vern, medan det i andre områder blir meir tilrettelagt for menneskeleg bruk (Bakken, Sveen & Snøtun, 2012). På den måten kan ein til ein viss grad styre ferdselen, samtidig som ein prioriterer ulike verdier i dei forskjellige områda. I dei urørte sonene skal det ikkje leggjast til rette for meir bruk, og i enkelte tilfelle kan det bli snakk om å byggje ned tilrettelegginga ved å avgrense merking av stiar og legge strenge restriksjonar på kommersielle aktivitetar. I dei andre områda vil ein følgje ein mindre streng praksis, der forvaltninga også sørgjer for å leggje til rette i dei mest besøkte områda. Formålet med ein slik differensiert forvaltning i nasjonalparken er å ivareta naturmiljøet samtidig som ein reduserer konflikter mellom brukargrupper og interesser. Ein ynskjer også å imøtekomme ulike behov for naturopplevingar (Grønvold et al., 2006).



Figur 3: Forvaltningskart for Jotunheimen nasjonalpark med soneinndeling (Bakken et al., 2012).

Statens naturoppsyn har ansvaret for å koordinere og samordne oppsynstjenestene i Jotunheimen nasjonalpark. I tillegg til ei fast stilling i SNO, blir det gjennom året kjøpt oppsynstjenester i og rundt Jotunheimen frå ulike aktørar, blant anna frå fjellstyra i områda rundt nasjonalparken. Saman med overvaking og kontroll er også rettleiing og informasjon viktige oppgåver. Naturoppsynet fungerer også som ein formidlar mellom lokalsamfunna, brukargruppene og forvaltninga. Sentrale oppgåver for naturoppsynet vil difor vere å ta vare på natur- og kulturmiljøa, men også vise dei fram og leggje til rette for berekraftig bruk, slik at besøkande får interesse og forståing for vernet (Lauritzen & Solem, 2009). I Jotunheimen blir det drive aktivt skjøtsel og tilretteleggingsarbeid. Viktige skjøtseltiltak i og rundt nasjonalparken kan vere restaurering av gamle ferdsløyrer og bygningar, samt rydding og slått for å halde kulturlandskapet i hevd. I tillegg til dette blir det i Jotunheimen brukt mykje ressursar på tilrettelegging av stiar. Dette medføra fysiske tiltak som rydding, merking, drenering og skilting. Tilrettelegging for ferdsløyrer bidreg til å gjere området meir tilgjengeleg for folk flest, samtidig som det fungerer kanalisierende på ferdsløyrer. Det er DNT Oslo og Omegn som har ansvaret for merking av dei T-merka rutene. Naturoppsynet har det faglege ansvaret for gjennomføring av tilretteleggingstiltak som forvaltningsmyndigheita set i verk (Lauritzen & Solem, 2009).

#### 3.1.4. Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark

Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark blei sist fastsett i 2014. Det kjem fram av forskrifta at formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep (Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark, 2014). Forskrifta § 3 punkt 5 har reglar som går på ferdsel i nasjonalparken. Den generelle regelen om ferdsel fortel oss at all ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. Vidare skal organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet, ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Innanfor nærare avgrensa delar av nasjonalparken kan Miljødirektoratet ved særskilt forskrift regulere eller forby ferdsel som kan skade naturmiljøet. Forvaltningsstyresmaktene kan av omsyn til miljø og kulturminne leggje om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper. Punkt 6.3 g i same paragraf opnar også for drift av rutebåt på Gjende som eit unntak frå reglane om motorisert ferdsel. § 5 fortel oss at det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon osv. (Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark, 2014).

#### 3.1.5. Besøksstrategi

Det er blitt bestemt at alle nasjonalparkane i Noreg skal utarbeide ein besøksstrategi innan 2020 som ein del av den nye merkevarestrategien (Miljødirektoratet, 2015). I arbeidet med å ny merkevarestrategi og besøksforvaltning blei fire nasjonalparker valde som pilotar i arbeidet med besøksstrategiar. Blant desse er Hallingskarvet nasjonalparkstyre, Rondane- Dovre nasjonalparkstyre, Varangerhalvøya nasjonalparkstyre og Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre (Miljødirektoratet, 2015). Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde var den første av alle Noregs nasjonalparker til å få ein slik besøksstrategi (Bakken et al., 2012).

I «Besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen Landskapsvernområdet 2013-2017» (Bakken et al., 2012) blir det lagt vekt på at dei lange reiselivstradisjonane i Jotunheimen har gjort til at nasjonalparken har blitt forvalta som ein «brukspark» med større fokus på friluftsliv og reiseliv enn mange andre parkar. Det blir også tillagt vekt at verneverdiane i Jotunheimen på mange måtar er mindre sårbare i forhold til bruk samanlikna med andre norske nasjonalparker.

Dokumentasjonsrapporten «Bruk og brukere i Jotunheimen 1992, 2002 og 2010» har gitt konkret informasjon om brukarane i Jotunheimen nasjonalpark. Rapporten presenterer resultatata frå ulike brukarundersøkingar i Jotunheimen i 1992, 2002 og 2010, der det primære formålet var å skaffe eit kunnskapsgrunnlag for besøksstrategien i Jotunheimen nasjonalpark (Vorkinn, 2011). I

besøksstrategien for Jotunheimen nasjonalpark blir tala frå undersøkinga sett i samanheng med utviklingstendensar dei siste 20 åra, dagens bruk og framtidige forvaltningsutfordringar.

Resultata frå undersøkingane i rapporten «Bruk og brukere i Jotunheimen 1992, 2002 og 2010» dokumenterer at bruken av Jotunheimen i perioden 1992-2010 er prega av både stabilitet og endringar (Vorkinn, 2011). Dei største endringane er knytt til sjølv bruken av Jotunheimen, der det er merkbart færre som går tradisjonelle fleirdagars fotturar, med tilsvarande auke blant dei som går på dagsturar. Undersøkingane som vart gjennomført i 2010 viste at det var ein auke i brukarar som hadde éin fast overnattingsstad og gjekk dagsturar med utgangspunkt i denne. I tråd med dette viser også undersøkingane at det er ei auka interesse for topturar i Jotunheimen. Undersøkinga har også dokumentert at motstanden mot fysiske tilretteleggingstiltak inne i nasjonalparken er minkande. I tillegg til dette er det mindre kjennskap til regelverket for nasjonalparken blant dei besøkande. Under halvparten veit kva som faktisk er tillatt. Sjølv om det ikkje er nødvendig at dei besøkande kjenner til alle sider ved regelverket, er det likevel eit tydeleg signal om at det er behov for informasjon om dette i nasjonalparken (Vorkinn, 2011).


Jotunheimen er først og fremst ein sommarattraksjon, med ca. 80% av overnattingsdøgna i sommarsesongen. Motiva for å besøke Jotunheimen er naturoppleving, god tilrettelegging for turgåing, tilhøyrsløse gjennom lang tids bruk eller kort avstand frå heimen. Nasjonalparkstatusen ser først og fremst ut til å vere ein tilleggsverdi til dei flotte naturområda og dei gode moglegheitene for fotturar. Dokumentasjonsrapporten slår og fast at allemannsretten gjer det vanskeleg å kartlegge den totale bruken av Jotunheimen (Vorkinn, 2011).

Det meste av verdiskapinga knytt til natur- og kulturarven i Oppland skjer framleis i det tradisjonelle reiselivet gjennom overnattings- og serveringsbransjen. Men grunnen til at dei fleste kjem, er for å oppleve og bruke den rike natur- og kulturarven. Her har dei lokale forvaltningsstyra eit særleg ansvar for å sikre dei besøkande i nasjonalparken gode opplevingar gjennom informasjon, tilrettelegging og tryggingstiltak. Her får besøksstrategien mykje å seie. Det er viktig at forvaltningsstyra samarbeider med reiselivet, samstundes som dei er bevisste på at styret og reiselivet har ulike oppgåver og roller (Valla & Tremoen, 2012).

### 3.2 Case-område

I dette kapitlet vil eg presentere dei to case-områda som har vorte nytta i undersøkinga. Eg ynskjer å sjå på føresetnader for, og grad av adaptiv medforvaltning knytt til dei to mest besøkte turmåla i Jotunheimen nasjonalpark. Begge områda ligg i dei sokalla brukssonene i teig 5-11 (figur 3), i forvaltningsplanen, der det skal vere relativt høg grad av tilrettelegging for besøkande (Dybwad & Klæbo, 2008). Ifølgje dokumentasjonsrapporten «Bruk og brukere i Jotunheimen 1992, 2002 og 2010», er Gjendesheim og Juvvatnet dei mest brukte innfallsportane for lengre dagsturar. Turar over

Besseggen og til Galdhøpiggen er den sannsynlege forklaringa (Vorkinn, 2011). Figuren under syner talet på besøkande med utgangspunkt i lengd på dagsturar for dei ulike innfallsportar.



Figur 4: Lengde på dagsturar tatt ut i frå ulike innfallsportar i Jotunheimen (Vorkinn, 2011).

### 3.2.1 Besseggen

Besseggen er ein markant og langstrakt fjellrygg i den austlege delen av Jotunheimen i Vågå kommune. Sjølve fjellryggen ligg i mellom innsjøane Bessvatnet og Gjende (Bloch Hoel & Thorsnes, 2018). Gjendeosen øvst i Sjodalen er den mest nytta innfallsporten for dagsbesøk Jotunheimen nasjonalpark og det desidert vanlegast utgangspunktet for fotturar over Besseggen (Vorkinn, 2011). Fotturen har ei lengde på kring 14 km og er truleg den mest nytta turruta i nasjonalparken (Statens naturoppsyn, 2018a). Ifølgje tal frå Statens Naturoppsyn var det i 2018 i overkant av 56 000 personar som gjekk denne turen. Den største trafikken var i sommarmånadane, med ein topp i slutten av juli og byrjinga av august. I 2007 var registrert kring 45 000 turgåarar, noko som tyder på at det har vore ei solid auke i talet på turgåarar over Besseggen dei siste ti åra. Tal frå Gjendebåten tyder også på ei markant auke. I 2017 frakta båten 63 000 passasjerar mot kring 30 000 passasjerar i 2010 (Gjendeguiden, 2018). Dei fleste som går over Besseggen tar Gjendebåten frå Gjendeosen og innover Gjende til Memurubu der turen startar. Det er også mogleg å gå turen andre vegen. Då startar turen frå Gjendesheim eller Bessheim, og ender opp ved Memurubu der ein kan få båttransport tilbake (Besseggen turisme, 2019).



Figur 5: Ruta over Besseggen (Ut.no).

I 2017 tok dei lokale reiselivsaktørane ansvar for framtida til Besseggen som reiselivsprodukt. Heile 20 reiselivsverksemdar og 2 kommunar gjekk saman for å opprette «Besseggenpatrulja», ei patrolje som skulle i hovudsak skal vere eit tryggleikstilbod til dei som går over Besseggen. Den lokale guideverksemda «Gjendeguiden» fekk ansvaret for å planlegge og gjennomføre patroljetenesta. I 2017 patroljerte dei ein gong i veka i lågsesongen, og to gongar i veka i høgsesongen frå juni til oktober. Totalt blei det gjennomført 25 patroljeringar den sesongen (Gjendeguiden, 2018). Med hjelp frå Oppland fylkeskommune fekk Besseggenpatrulja tildelt støtte året etter slik at dei kunne auke til 50 gongar over Besseggen, tilpassa behovet og trafikken. Talet på redningsaksjonar har i etterkant gått kraftig ned, og basert på tilbakemeldingar frå turgåarar hevdar Gjendeguiden sjølv at 17-18 unødige redningsaksjonar blei unngått i 2018 (Gjendeguiden, 2018).


Gjennom satsinga «Nasjonale turistier» er det på vegne av miljødirektoratet sett av 11.5 millionar kroner som blant anna skal gå til besøksforvaltning og tilrettelegging på 16 av dei mest populære turiststiane i Noreg. I mars 2019 blei det kunngjort at Besseggstien er ein av dei 16 som får tilskot gjennom denne ordninga (Miljødirektoratet, 2019). Nasjonale turiststiar er ei autorisasjonsordning som skal bidra til å ta vare på opplevings- og naturverdiane, samt bidra til godt og førebyggjande beredskapsarbeid, lokal verdiskaping og god besøksforvaltning (Miljødirektoratet, 2018b). I søknaden om autorisasjon som «nasjonal turiststi», blir det argumentert med eit trendbilette som tilseier at veksten i talet på turgåarar over Besseggen truleg kjem til å auke ytterlegare i åra som kjem (Oppland fylkeskommune, 2018). Hovudformålet med å søke om tilskot frå denne ordninga, er å sørge for at Besseggen og innfallsporren til Besseggen skal vere ei kvalitetsoppleving for turfolk i all framtid, og at Besseggen skal bli brukt som eit utgangspunkt for å planlegge for brei verdiskaping i regionen, både i



Nord-Gudbrandsdalen og i Valdres. Ordninga skal også medverke til å handtere utfordringar knytt til eit stort tal besøkande, eksempelvis førebygge sti-slitasje, avfallshandtering, informasjon om turen og god handtering av besøkande gjennom heilskapleg besøksforvaltning (Gropen & Engesveen, 2018).

### 3.2.2. Galdhøpiggen

Galdhøpiggen er Nord-Europas høgste fjell og eit nasjonalsymbol. Fjellet ligg i Jotunheimen i Lom kommune, 2469 meter over havet (Visit Jotunheimen). Områda rundt toppen er prega av kvasse tindar og brelandskap. Galdhøpiggen er blant dei mest attraktive besøksmåla i Jotunheimen nasjonalpark. I 2008 rekna ein med at det i løpet av ein sommar var kring 30 000 personar på toppen (Dybwad & Klæbo, 2008). Etter at Statens naturoppsyn i 2018 byrja med ferdselsregistreringar i Visdalen på ruta frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen, antar dei at det var nærare 50 000 besøkande på toppen det same året. Dette anslaget er basert på ferdselsregistreringar i Visdalen og tal frå reiselivsaktørane som driv føring frå Juvass. Skal vi tru desse tala har det vore ei vesentleg besøksauke på Galdhøpiggen dei siste ti åra.



Figur 6: Juvass til Galdhøpiggen 2469 moh. via Styggebrean (Ut.no)

Galdhøpiggevegen er den høgstliggande bilvegen i Nord-Europa og gjer Galdhøpiggen til eit relativt lett tilgjengeleg turmål i nasjonalparken. Veggen er 15 km lang og er bygd fram til Juvasshytta og Galdhøpiggen sommarskisenter (Dybwad & Klæbo, 2008). Vegavgifta for personbil er 100 kr (Visit Norway, 2019). Om sommaren er det turar derfrå med førar over Styggebreen og opp til Galdhøpiggen. Desse føringsturane har tradisjonar heilt tilbake til 1800-talet. Dei fleste som går denne turen i dag nyttar seg av føringstilbodet (Lauritzen & Solem, 2009). Turen går for det meste over bre og steinur og er kring 15 km tur/r, med 600 meter stigning. På toppen er det ei hytte med kiosk, eigd av Juvasshytta (Dybwad & Klæbo, 2008). Det er også mogleg å gå nå toppen av Galdhøpiggen frå Spiterstulen. Dette er ein lengre tur med brattare stigning. Det vert også tilbudd føring på denne strekninga, men ikkje like mange nyttar dette tilbodet (Lauritzen & Solem, 2009). Ikkje langt i frå Juvasshytta ligg også «Klimapark 2469» som er eit besøksenter med publikumstilrettelagt klimaobservasjon og formidling av globale klimautfordringar (Finstad et al., 2010). Ut frå mine opplysningar har det ikkje vore utført noko større forvaltningstiltak knytt til ferdselen på ruta frå Juvass mot Galdhøpiggen.

## 4. Metode

I dette kapittelet vil eg gjere greie for kva metode som vart nytta i datainnsamlinga og utforminga av oppgåva, og grunngi kvifor desse metodane blei valde.

### 4.1 Forskingsmetode

I hovudsak skil ein mellom to ulike tilnærmingar til datainnsamling; kvalitativ og kvantitativ metode. Ved hjelp av opne spørsmål tar kvalitativ metode sikte på å fange opp meininga og opplevinga som vert skildra med ord. Kvantitativ metode nyttar lukka spørsmål som lettare lar seg talfeste og måle (Dalland, 2017). Kvantitative tilnærming går ut på å måle variablar i eit talmateriale, medan kvalitativ tilnærming tar sikte på å forstå meiningar om eit sosialt fenomen. Det viktigaste føremålet med kvalitativ forskning er å få fram individuelle meiningar slik at ein lettare kan forstå kompleksiteten i ein situasjon (Creswell, 2014). For å kunne svare på oppgåva si problemstilling, var det nødvendig med eit godt innblikk i besøksforvaltningsarbeidet i dei to case-områda Besseggen og Galdhøpiggen. For å kunne analysere dette arbeidet med utgangspunkt i ein adaptiv medforvaltningsprosess, var det nødvendig med eit djupare innblikk i dei sosio-økologiske systema i dei to case-områda. I denne samanheng var det mest føremålstenleg å nytte kvalitativ metode.

### 4.2 Forskingsdesign

Eit case-studie er ein kvalitativ forskingsstrategi som kan nyttast til å studere eit fenomen på ein systematisk måte (Merriam, 1998). Strategien har til føremål å undersøke eit avgrensa område gjennom detaljert og mangfaldig datainnsamling. Case blir ofte valt ut på bakgrunn av forskingsinteresse, ei hypotese eller ei bestemt sak (Mehmetoglu, 2004). Eit casestudie kan ta for seg fleire case-område i same studie. I fleircase-studiar er komparativ casestudie ein av dei mest vanlege formene, der ein søker svar ved å samanlikne to eller fleire case-område. Det som kjenneteiknar eit komparativt case-studie, er at det eksisterer oppfatningar av at det finst likskapar eller skilnadar mellom to case-områder som er nødvendig å studere for å få dei svara ein er ute etter (Denk, 2002). Eittersom som eg ynskjer å samanlikne turmåla Besseggen og Galdhøpiggen med utgangspunkt i adaptiv medforvaltningsprosess, var komparativt casestudie eit passande forskingsdesign. Funna vil kunne vere til nytte for styresmakter og aktørar som opererer i dei to aktuelle områda, så vel som aktørar frå andre område med liknande utfordringar.

### 4.3 Utval

Ein hovudregel for val av informantar i kvalitative intervjustudier, er at ein vel informantar med ulik bakgrunn som kan uttale seg på ein reflektert måte om det aktuelle temaet. I eit case-studie blir utvalet av informantar avgrensa av området som er i fokus. Når ein nyttar djupneintervju i slike undersøkingar går ein ut frå at det kan fortelje oss noko om informantane sine egne opplevingar og erfaringar og at det vil gi innblikk i noko som er knytt til problemstillinga (Tjora, 2017). I valet av

informantar valte eg difor å fokusere på kven som kunne bidra med informasjon om dei to case-områda Besseggen og Galdhøpiggen. Ettersom eg ynskte å undersøke besøksforvaltninga i dei to case-områda med utgangspunkt i ein adaptiv medforvaltningsprosess, var det naturleg å gjennomføre intervju med reiselivsaktørar i dei to områda. Reiselivsnæringa har stor innverknad på besøksforvaltninga både gjennom produktutvikling, marknadsføring, tilrettelegging og informasjonsformidling. Det var også naturleg å gjennomføre intervju med nasjonalparkforvaltninga som har det faglege ansvaret i forvaltning av Jotunheimen nasjonalpark. Eg valte også å gjennomføre intervju med naturoppsynet som har tilsynsmyndigheit i dei to aktuelle områda og som soleis har eit ansvar for at brukarar av nasjonalparken held seg innanfor reglande. Det blei også gjennomført intervju med representantar for fjellstyra i dei to områda. I alt var det fire reiselivsaktørar frå kvart av case-områda, ein fjellstyrerepresentant frå kvart av områda og i tillegg til ein nasjonalparkforvaltar og eit oppsyn som har heile Jotunheimen nasjonalpark som sine nedslagsfelt. Til saman vart 12 personar intervjuet. Av etiske grunnar og av omsyn til informantane er identitetane deira halde skjult. Undersøkinga er gjennomført i mindre lokalsamfunn der ein lett kan kople informasjon mot identitet, som soleis vil gjere det utfordrande å ivareta anonymiteten til informantane. I resultatdelen har eg difor valt å utelate sitat eller delar av sitat som enkelt kan sporast tilbake til den aktuelle informanten. I resultatdelen er informantane nummerert i tilfeldig rekkefølge.

#### 4.4 Gjennomføring av intervju

I forkant av intervjuet blei det utarbeidd éin intervjuguide for reiselivsaktørane og éin annan intervjuguide for dei som representerte forvaltninga, fjellstyra og oppsynet. Begge intervjuguidane var basert på nokre hovudtema og underliggande spørsmål som var relevante for oppgåva. Spørsmåla i dei to intervjuguidane hadde soleis det same meiningsinnhaldet, men var utforma ulikt ut frå informantane sin ståstad eller posisjon. Spørsmåla var dermed ikkje meir ulike enn at ein enkelt kunne samanlikne hovudtrekka i dei ulike svara. For å gjere det så enkelt som mogleg for informantane, oppsøkte eg dei der det passe best for den enkelte. Åtte av intervjuet blei gjennomført på arbeidsplassen til informanten, to intervju blei gjennomført på kafé og dei to siste blei gjennomført som telefonintervju. I dei tilfella der intervjuet blei gjennomført som telefonsamtale, var det av omsyn til informantens timeplan og ynskje. Intervjuet blei tatt opp ved hjelp av bandopptakar, før dei blei transkriberte fullt ut i etterkant. Ettersom eg gjennomførte intervjuet åleine ga bandopptakaren meg friheit til å rette all merksemd til sjølve intervjuet slik at risikoen for å gå glipp av viktig informasjon blei minimert.

#### 4.5 Analyse av data

I korte trekk har ei kvalitativ analyse som mål å gjere det mogleg for ein lesar å få auka kunnskap om saksområdet det blir forska på, utan å sjølv måtte gå i gjennom datamaterialet (Tjora, 2017). Då alle intervjuar var omgjort til tekst gjennom transkripsjon, starta prosessen med å kode materialet. Ifølgje Tjora (2017) er målet med koding av eit datamateriale tredelt: (1) å trekke ut essensen i det empiriske materialet, (2) å redusere materialets volum, og (3) legge til rette for idégenerering på grunnlag av detaljar i empirien. Ved hjelp av kodane som blei til i løpet av denne prosessen, var det lettare å identifisere tema som gjekk igjen hos informantane. Desse temaa blei, saman med intervjuguiden, brukte til å sortere sitat kategorisk slik at dei lettare kunne bli samanlikna og analysert. I denne prosessen blei berre sitat som var relevante for oppgåva si problemstilling kategorisert, andre sitat blei ikkje med vidare i den vidare analysen.

#### 4.6 Vurdering av datagrunnlaget

I ei kvalitativ undersøking er det to krav som må stillast til datamaterialet ein skal bruke. Krava blir omtalt som relevans og pålitelegheit, og dei er viktige å ta omsyn til for at undersøkinga skal bli truverdig (Dalland, 2017).

Eit grunnleggjande krav til data er at dei må vere relevante for problemstillinga. Dette gjelder både i litteratursøk og der ein intervjuar personar som ein reknar med sit på opplysningar som er interessante for studiet (Dalland, 2017). For å sikre at relevansen blei ivareteke i oppgåva har eg gjort fleire grep. Problemstillinga blei til i samtalar med ein tidlegare nasjonalparkforvaltar som har god kjennskap til området. Vedkommande kom også med forslag til personar som kunne eigne seg som intervjuobjekt. Eg gjorde også sjølv ei grundig vurdering om den enkelte informant sat på opplysningar kunne vere relevante for problemstillinga. Kva gjeld litteratur søkte eg særleg etter forskingsartiklar og anna faglitteratur som offentlege rapportar og styringsdokument med særleg relevans for oppgåva. Dett gjeld litteratur både om det teoretiske rammeverket for oppgåva og litteratur som har betydning for problemstillinga.

I tillegg til at data bør vere relevant må dei også vere samla inn på ein slik måte at dei er pålitelege. Dette betyr at ein så langt råd er må prøve å ha ei klar linje i prosessen for å unngå att det oppstår unøyaktigheit. For å sikre pålitelegheit og konsistens vart brukt intervjuguide med like spørsmål, bortsett frå ein viss differensiering mellom offentleg tilsette informantar og informantar frå reiselivet. Intervjuguiden blei ikkje tilsendt på førehand for å få informantane sine umiddelbare svar og reaksjonar på dei stilte spørsmåla. Intervjua tatt ved hjelp av elektronisk lydopptak og seinare transkribert ord for ord. På denne måten kunne eg gå tilbake og kontrollere dei opplysningar som

blei gitt. Også informantane vart tilbydd å få tilsendt lydfile i etterkant. Ingen informantane uttrykte ynskje om å få lydopptaka tilsendt.

## 5. Resultat

I dette kapitlet vil resultatene frå datainnsamlinga bli gjennomgått. Resultatene er delt inn i tema, og dei vil bli presenterte med utgangspunkt i dei seks stega frå den adaptiv medforvaltningsprosessen, i tråd med Plummer og Fennell (2009) sin modell. I den første delen vil resultatene frå informantane med tilknytning til Besseggen bli presentert, deretter resultatene frå informantane med tilknytning til Galdhøpiggen. Siste steget i Plummer og Fennell (2009) sin modell, dvs. steg 6 om tilrådde løysingar, vil ikkje bli teke opp i dette kapitlet. Steg 6 vil i staden komme som ein avsluttande del i kapittel 6 om diskusjon.

### 5.1 Besseggen

#### 5.1.1 Definer det sosio-økologiske systemet som er under fokus

Som tidlegare nemnt, er eit sosio-økologisk system samansett og komplekst, og det vil difor det vere vanskeleg og tidkrevjande å definere alle komponentane som i større eller mindre grad medverkar i eit slikt system. Det vil som regel vere nokre komponentar som er tyngre enn andre. For Besseggen sin del er dei tyngste komponentane aktørar frå reiselivsnæringa, forvaltninga og oppsynstenesta, besøkande turistar, lokale innbyggjarar og dei naturgjevne tilhøva. Sjølv om dei fleste av reiselivsaktørane er knytt opp mot Besseggen, tilbyr dei heilt eller delvis ulike tenester, og på denne måten kan ein seie at dei ikkje nødvendigvis konkurrerer fullt ut på alle felt. Mange av reiselivsverksemdene driv med overnatting og matserving, nokre tilbyr transport av turgåarar og andre driv med føring og aktivitetstilbod. Fellesnemnaren for dei fleste reiselivsaktørane rundt Gjende og nedover Sjødalen, er at dei i stor grad livnærer seg på aktiviteten knytt til Besseggen:

*(...) i og med at det er så mange bedrifter som lever av det same, den der turen over Besseggen, så sjølv om det er andre grunna til at folk kjem hit, som jakt og fiske, andre fjellturar og ski, så slik i botnen så er jo turismen rundt Besseggen utruleg viktig her. (Informant 3).*

I tillegg til reiselivsaktørane på Gjende og nedover Sjødalen er det også mange reiselivsverksemder på Beitostølen som drar nytte av Besseggen som attraksjon. Turistane er i seg sjølv er ein viktig komponent i det sosio-økologiske systemet, og dei er den eigentlege grunnen at Besseggen kan kallast for ein attraksjon. Også mange av dei fastbuande elles i Vågå kommune, og som ikkje er direkte involverte i aktiviteten knytt til Besseggen, blir på ein eller annan måte påverka: «Turisme er kjempeviktig. Vi sysselset snekkarar, røyrleggarar, elektrikarar, butikkar, bensinstasjonar, bussjåførar og alt mogleg. Viss turismen forsvinn, då er det ikkje noko, då forsvinn næringsgrunnlaget til

*befolkninga i distrikta, så turisme er viktig! (Informant 4)*». Nasjonalparkstyret og nasjonalparkforvaltninga inngår også inn i dette sosio-økologiske systemet som offentlig myndighet med ansvar for det politiske og faglege forvaltningsarbeidet i nasjonalparken. Oppsynstenestene er tilsynsmyndighet, og dei skal sørge for at brukarane overheld forskrift og forvaltningsvedtak. Dessutan skal dei på oppdrag iverksette tiltak i frå forvaltninga. Det vert hevda at forvaltninga og oppsynstenesta også er avhengige av dei turismen:

*Men for at turismen skal bestå, så må vi også ha ein forvaltning som tar vare på det turismen lever av, men forvaltning og turisme må jobbe saman. Viss all turismen forsvinn, så kan vi berre legge ned forvaltninga og, for det er ingen som er her likevel. (Informant 4).*

Vêret og årstidene inngår også som viktige komponentar i det sosio-økologiske systemet, ettersom mange informantar hevdar at dette har stor betydning for talet på besøkande. Til slutt har ein dei naturgjevne tilhøva i botn, og som faktisk dannar grunnlaget for nasjonalparkvernet og reiselivsaktivitetane. Naturen er soleis eit grunnleggjande element i det sosio-økologiske systemet slik vi kjenner det rundt Besseggen i dag.

5.1.2 Kartlegging av forvaltningsoppgåver som må utførast og utfordringar som må løysast. Dei største utfordringane knytt til forvaltning av Besseggen går på infrastruktur og logistikk. Dette kan dreie seg om fysiske tilretteleggingstiltak som stilegging, skilting og toalettfasilitetar, men også andre tiltak knytt til venting og kø-problematikk. Alle informantane i reiselivsnæringa rundt Besseggen erkjenner dette som ei viktig utfordring. Spesielt i forhold til å handtere mengdene av besøkande:

*Største utfordringa er logistikken. Med tanke på at «alle» vil komme på same tid, i eit kortidsvindaug og gjerne når det er finværsmelding. Så det er rett og slett logistikkspørsmål då, at opplevinga blir forringa, fordi at alle skal det samtidig. Da blir det for mykje folk, og då er det ein dårlegare oppleving. (Informant 4)*

Likevel meiner ein av informantane at dette berre er ei reell utfordring på nokre få finværsdagar i høgsesongen:

*Det er somme dagar i året då, der ein går i kø liksom. Men det er så utruleg mange dagar i året då det ikkje er slik og. Ein treng jo ikkje velje... det er somme gjester som spør etter dei, at dei ikkje vil gå der når det er så mykje folk. Då rår eg dei til å ikkje velje ein laurdag sist i juli, liksom. (Informant 3)*



Dei fleste Besseggenvandrarane vel båttransport med Gjendebåten frå Gjendeosen og inn til Memurubu før dei går Besseggen tilbake. Det blir hevda at næringslivet på denne måten til ein viss grad kan styre trafikken over Besseggen:

*Men no skal det og seiast etter at Gjendebåten fekk onlinebooking så køyrer han jo berre eit avgrensa tal på personar ein veg. Så det er jo innført redusert tal for å prøve at det skal bli ei betre oppleving. Ja, så han har sjølvpålagt eit øvre tak for kor mange han vil køyre den eine vegen på ein dag. (Informant 12)*

I forhold til besøksopplevinga vil inntrykket av trengsel variere veldig frå person til person skal vi tru nokre av informantane. Sjølv opplevinga av redusert trivsel som følgje av høgt besøkstrykk er veldig individuelt og det vil derfor kunne variere mykje:

*Men det er så individuelt korleis folk oppfattar det liksom. Somme kjem att og tykkjer ikkje det var mykje folk, sjølv om det var ein av dei dagane med mest folk. Og så trur eg kanskje at dei som ikkje har lyst til å gå etter ein annan i kø, dei vel ikkje å gå Besseggen. (Informant 3).*

Ettersom Besseggen er eit populært turmål med oppunder 60 000 besøkande kvart år, kan stislitasje bli eit problem sjølv om mykje av stien går på berggrunn. På dei vegetasjonsprega delane av Besseggenstien har det vore iverksett tiltak i der den er mest sårbare:

*Besseggen består i stor grad av gråstein, så det går ganske greitt med mange gjester, men oss har noko slitasjeproblem der det er vegetasjon. På stien opp frå Memurubu mot Besseggen er det gjennomført ein god del tiltak opp igjennom åra, med steinsetting, drenering og ein del førebyggjande tiltak. Endå meir opp frå Gjendesheim, der største trafikken er, for der har oss i tillegg til dei som går Besseggen, sånne som berre spring oppover lia eit stykke og ikkje skal på Besseggen. Så der er det steinsett med trapper, eit stort arbeid som starta i 2004. (Informant 7)*

Fleire av informantane hevdar at ein i forhold til besøksauka ved Besseggen har vore i forkant med stitilrettelegginga. På spørsmål om utfordringar knytt stislitasje, uttaler ein av informantane seg slik: «Der trur eg vel eigentleg ikkje at utfordringane er noko store i det heile tatt. Vi har jo vore ute i god tid både med å tilrettelegge stien med merking og kanalisere ferdsla» (Informant 12). Sjølv med god tilrettelegging på stien kan det vise seg å vere utfordrande å kanalisere ferdselen for å unngå slitasje rundt sjølv stien:

*(...) så er det nesten håplaust å få enkelte til å holde seg til stien, enkelte er veldig glade i å kutte svinga, og da oppstår det nye spor og erosjon, og det er jo det som gjer at vi heile tida driv å reparerer på desse stiane, sjølv om vi har gjort store stiltak. Så det å kanalisere folk er*

*ikkje enkelt, det er verre enn geiter (...). Så slik som i mange utanlandske nasjonalparker der du blir bøtelagt for å gå utanom stiane, det er nesten freistande å kunne ha ein hjemmel for å kunne bøtelegge folk for å kutte svingane. (Informant 1).*

I tillegg til den direkte slitasjen som oppstår når folk går utanfor stien, er det uttalt at den sekundære slitasjen, som til dømes erosjon forårsaka av vatn, vil kunne utgjere eit endå større problem dersom ikkje ein er påpasseleg med å drive kontinuerleg vedlikehald:

*(...) det er klart at det er ikkje berre folk som påfører slitasje på stiar. Det er og om det kjem skikkeleg regnvær og ikkje minst vårvatn, det forårsaka at det kan bli terrengslitasje. Oppi der så laga dei mange slike veite då, for å kanalisere bort vatnet. Men så er det ein del grus og småstein der, og når folk går der, så vil det bli ein del grus og småstein som fyller opp rennene (...). For plutseleg så kjem det eit lågtrykk med regnvær og skikkeleg høljing, og viss ikkje desse veitene fungerer då, så tek vatnet åt etter stien. Og det kan forårsake meir slitasje enn tusen folk altså som går der. (Informant 5).*

Å drive med forebyggjande arbeid, både skjøtsel og informasjonsarbeid, og evaluere effekten av slike tiltak er eit ressurskrevjande arbeid. For forvaltninga er det bestandig ei utfordring å ha nok ressursar til slike typar arbeidsoppgåver:

*Nei, tettare samarbeid, evaluering av tiltak og slike ting, det er det per dato ikkje ressursar til. Oss forvaltar 1500 kvadratkilometer på to forvaltarar, og ein i SNO. Vi har ein del utanlandske nasjonalparktilsette på studietur, dei er nærmast i sjokk. For det første er det knapt dei har så store område å forvalte. På under kanskje 500 kvadratkilometer vil dei ha kanskje 50-60 tilsette, og ikkje 3. (Informant 7).*

### 5.1.3 Identifisere deltakarar i medforvaltningsaktivitetar og relaterte problemløysande prosessar.

Reiselivsbedriftene rundt Besseggen har på eige initiativ tatt tak i mange av utfordringane knytt til den store trafikken over Besseggen. Eitt av tiltaka er å opprette eit samarbeidsnettverk mellom reiselivsbedriftene. Dette samarbeidet går ut på å ha samordna marknadsføring i området gjennom felles nettside og felles brosjyre, men nettverket blir også brukt til å diskutere utfordringar og tiltak som trengs gjennomførast: «Oss er ein gjeng som har eit nettverk oppå der som heiter Besseggen turisme, så oss samarbeider jo bra alle som driver reiseliv i området. Også har oss jo møter og diskutera løysningar og gjer tiltak ut i frå det» (Informant 2). Selskapet «Besseggen turisme» blir

drive av reiselivsbedriftene sjølve, og den primære oppgåva er å vere ein støttefunksjon for dei som livnærer seg av reiseliv i området:

*(...) det går ut på at alle saman bidrar med ein liten pott med pengar, som går ut til drift av heimeside... drift, produsere materiell. Så rullerer vi på kven som er styreleiar. Vi har eit styre, vi har årsmøte, osv., men det skal ikkje skape noko gevinst. Det er ikkje eit selskap som skal generere omsetnad eller generere pengar i det firma, det er ein støttefunksjon til det eksisterande reiselivet. (Informant 4).*

Dette bedriftsnettverket har fleire fordeler, meiner reiselivsnæringa sjølv, mellom anna at det styrker posisjonen deira i spørsmål som går på forvaltning: «Det kan jo vere for eksempel viss vi har spørsmål som går på det med forvaltning, så fattar vi kanskje ein felles uttale då, for då har ein ikkje berre eit synspunkt, men då har ein mange synspunkt» (informant 4). I tillegg til Besseggen turisme som konsentrerer seg om reiselivsbedriftene frå Gjende og nedover Sjødalen, har ein også eit større destinasjonsselskap i Nord-Gudbrandsdalen som dei aller fleste bedriftene rundt Besseggen er tilknytt: «Derfor har vi då eit destinasjonsselskap som heiter «Nasjonalparkriket» på Otta, som omfavner Sjøk, ikkje Lom, men så har dei Vågå, og Sel, og Dovre, og Lesja. Så alle unntatt Lom. Og Lom er hjarteleg velkommen, men dei vil ikkje» (Informant 4).

I takt med den sterke auken i ferdselen over Besseggen dei seinare åra, har det også vorte eit større behov for å innføre tryggleikstiltak:

*(...) reiselivet har gått saman om å etablere noko som heiter Besseggenpatrulja. Det var eit initiativ frå oss (...), vi såg det blei mykje unødige redningsaksjonar, som kostar mykje pengar, og som er ein stor belastning for frivillige, som Røde Kors». (Informant 4).*

Hovudformålet med få til Besseggenpatruljen var å få ned talet på unødige redningsaksjonar. I 2017 var første sommaren med patroljar over Besseggen, og talet på redningsaksjonar gjekk ned til åtte mot 14 året før. I 2018 var talet gått ytterlegare ned til seks redningsaksjonar. Tilbakemeldingane til dei aktuelle initiativtakarane tyder på at talet på redningsaksjonar ville vore langt høgare om Besseggenpatruljen ikkje hadde vore der. I tillegg til å førebyggje redningsaksjonar, har også Besseggenpatruljen fleire andre oppgåver:

*Og det er jo fire hovudmål med den patrolja. Det er for det første å hindre dei unødige redningsaksjonane. Det andre er plukke søppel og rydde. Det tredje er å vere turistvert (...). Og det aller siste er at vi har følgd med på merkinga og koordinert med DNT i forhold til viss det er noko som må merkast, og vardast opp igjen, eller sett på skiltinga til nasjonalparkforvaltninga. (Informant 12)*

I tillegg til å vere eit praktisk tiltak for å auke tryggleiken og betre tilhøva på Besseggen, viser det seg at Besseggenpatruljen ser ut til å fungere som eit samarbeidsforum der dei involverte aktørane kan møtast og diskutere aktuelle tema knytt til turismen i området: «Vi skal få til eit sånn ein til to gongar i året faste møter, med erfaringsutveksling og sei litt om kva vi driv med, og kva forvaltninga tenker om det, med ulike aktivitetar og slikt» (Informant 12). Spesielt i sjølve evalueringsmøta for Besseggenpatruljen er det mange aktørar som har vore involverte:

*For det var SNO som kunne tenkt seg møte, og altså på det evalueringsmøte om Besseggenpatrulja, der hadde vi Oppland fylkeskommune, politiet, AMK akuttmedisinsk kompetansesenter, fleire frå reiselivet; både Nasjonalparkriket som er destinasjonsselskapet hos oss, Besseggen turisme, Gjendebåten, Gjendeguiden, og så var SNO, og så nasjonalparkforvaltninga, Vågå kommune og Fjellstyret. (...) og det er ei fast greie som vi har hatt dei siste åra no. Men det møtet med oppsynet var vel noko som dukka opp slik, at kanskje vi som er utøvande part tok eit slikt koordineringsmøte eit par gongar i året. (Informant 12)*

Etter det som er opplyst, var det oppsynstenesta som tok initiativ til å få til koordineringsmøte i løpet av sesongen. Dei ynskte seg betre samhandling og meir formaliserte rammer for tryggleikstiltaka på Besseggen:

*Ja, oss har på ein måte eit samarbeid, men oss har vore for lite flinke til å formalisere samarbeidet. Det der med å utveksle erfaring, og dette med å planlegge sesongen, det er no ein ting, og kanskje ta ein prat etter sesongen og, men det har oss bestemt oss for at oss skal få til no for dette året her då. Også har oss liksom komme fram til at oss bør ha eit møte før sesongen, og ein prat etter sesongen (Informant 5).*

Det blir lagt vekt på at Besseggenpatruljen bidreg til store samfunnsøkonomiske innsparingar, spesielt ved at ein då unngår unødige redningsaksjonar. Likevel har det dei første sesongane vore spørsmål knytt til kven som skal dekkje utgiftene med Besseggenpatrulja. I dag ser det ut til å vere ei god løysing på plass:

*(...) folk ser nytta av dette, det kostar så lite. Og no er det nokolunde tredeling, altså reiselivet har ca. 1/3, og fylkeskommunen 1/3, og Miljødirektoratet 1/3 av utgiftene. Så det er jo eit fint spleiselag då. (Informant 12).*

Sjølv om Besseggenpatruljen er ein relativt fersk aktør i området, ser ein allereie at samarbeidet gir konkrete resultat:

*Og både når vi starta å opprette Besseggenpatrulja og vi kom med innspel på skilting som vi meinte det var behov for, som nasjonalparkforvaltninga tok tak i og kosta mot at vi bar dei ut. For min del og vårt firma så synes eg det fungera veldig bra. (Informant 12)*

Det vert også hevda at Besseggen sin autorisasjon som nasjonal turiststi er med på å danne nye problemløysande nettverkssamarbeid:

*Det føler eg er spesielt godt rundt Besseggen no når dei og har vore med i utredning av Besseggen som nasjonal turiststi, så har oss hatt ekstra fokus på dialogen med næringsdrivande, moglegheita for å handtere stort turisttrykk då. Eg føler at det er ei god spire til nettverk der. (Informant 8).*

#### 5.1.4 Analyser relasjonar.

Relasjonane mellom dei private reiselivsaktørane rundt Besseggen og elles kring Gjende vurderast til å vere gode av mine informantar, sjølv om det i eit historisk perspektiv ikkje nødvendigvis alltid har vore slik:

*Før så var det jo meir slike gamle fjellhøvdingar som oss kallar det, med blått blod trudde dei... som kanskje satt på si eiga tue då, og var sinte viss naboen hadde fleire overnattingar, men det er heilt utvaska... borte vekk. Så det har vert eit bra samarbeid i alle år vil eg sei. (Informant 2).*

Rundt Besseggen og elles i Jotunheimen er det lange tradisjonar for familiedrivne reiselivsbedrifter. Blant informantane ser det ut til å vere brei semje om at samarbeidet har gått seg meir og meir til etter kvart som nyare generasjonar har kome til. Det vert også gitt uttrykk for at samarbeidet er fleksibelt på den måten at det er rom for ulike meininger:

*For liksom slik som når besteforeldra mine dreiv så satt dei på kvar si tue, kvar si bedrift og prata omtrent ikkje med ein annan. Og det var ikkje slik berre her, det var liksom det som var over heile linja. Men no så møtast oss ein eller to gongar i året, kanskje oftare, og pratar om problemstillingar rundt dette her. (...) det er klart ein er ikkje einige om alt, og ein driv bedrifta si på forskjellige måtar, og somme er meir engasjerte enn andre, men slik summa summarum så er det bra altså. (Informant 3).*

Når det gjeld dei av informantane mine som arbeider innanfor forvaltninga og oppsynstenesta, så ser det ut til å vere gode relasjonar dei i mellom når dei svarar på spørsmål om korleis samarbeidet er: «Det er svært godt. Oss slår på tråden viss det er noko oss må informere ein annan om, om det skjer noko i forvaltninga som eg vil fortelje oppsyn, og oppsyn registrerer ting i felt som dei vil varsle til

meg» (Informant 7). Dette verkar til å vere ei gjensidig oppfatning som har eksistert sidan før den lokale forvaltningsmodellen kom i 2012:

*Det må ein sei er veldig bra. Det er vi einige om faktisk. Om du spør meg eller om du spør dem, forvaltarane, så trur eg vi er ganske einige om det, at i Jotunheimen fungerer det bra. Vi har tradisjon i Jotunheimen for å vere flinke på samarbeid. Det hadde vi lenge før den lokale forvaltningsmodellen trådde i kraft. (Informant 1).*

Relasjonane mellom private aktørar i reiselivet og aktørar i forvaltninga og oppsyntenesta verkar også å vere relativt bra. Frå reiselivsnæringa si side så er det ei oppfatning om at den har betra seg i løpet av dei seinare åra:

*Innimellom så følast det frå turistnæringa sin ståstad, at ein del litt sånne ekstreme haldningar, (...) at no skal vi stenge fjellet fordi det er best. Av og til så følast det litt sånn. Men eg synes at i dei siste 4-5-6 åra, så har det blitt eit mykje betre samarbeid mellom begge partar. Fordi reiselivet lever av turistar, og vi vil jo ta vare på det som er ute der. Vi vil ikkje pøse på uavgrensa, fordi det slår beina under oss sjølv. Du øydelegg opplevinga, og du øydelegg den langsiktige tenkinga. Også trur eg frå forvaltninga, noko av dei mest ekstreme haldningane då med omtrent stenge døra på ein måte. Dei er også blitt litt borte, fordi dei også begynner å innsjå det at skal ein ta vare på fjellet og dei tinga vi har, så må det brukast på ein forsvarleg måte. (Informant 4).*

Sjølv om dei private næringsaktørane og det offentlege ikkje bestandig har vore einige om alt, så verkar det som aktørar frå det offentlege er einige i at alle vil det beste for nasjonalparken og at det er eit godt utgangspunkt for samarbeid:

*(...) nokon har eg mykje betre samarbeid, eller dialog med, enn andre fordi folk er jo forskjellig. Menne eg må sei at alt i alt så virka det som dei aller fleste vil det beste for området. Og viss du har det som ein sånn føring på alt du gjer, så er det ikkje noko sak å samarbeide med folk. (Informant 1).*

Forvaltninga gir uttrykk for at dei ikkje ynskjer å vere for rigide i forvaltninga si i dag, noko som kan samsvare med oppfatninga til reiselivsnæringa om at forholdet er endå betre no enn for nokre år tilbake: «Ja eg føler oss har ein grei, ryddig og open dialog. Oss prøver å ikkje vere for firkanta i forvaltninga, og har ei ganske stor grad av tillit oss i mellom, det er i alle fall mi oppfatning».

Det blir lagt vekt på at Jotunheimen er blitt definert som ein «brukspark». Det er lange tradisjonar for reiseliv i Jotunheimen, noko som truleg var med å legge premissane for vidare bruk under

opprettinga av nasjonalparken i 1980. På denne måten har mange av konfliktårsakene mellom næringsliv og forvaltning i andre nasjonalparker aldri vore til stades i denne delen av Jotunheimen:

*Det første som slår meg i forhold til forvaltning, så viss du har ein veldig sårbar stad, eller du har ein stad med veldig mykje potensielle konflikter i forhold til dyr, planter og sårbar natur, så vil det vere til stades, men når ein tenker akkurat på Besseggen, så er det ikkje villrein, ikkje er det rovdyr, ikkje er det noko freda dyr, og mesteparten går på stein, så akkurat der, så trur eg ikkje det vil vere noko stort problem. (Informant 4).*

#### 5.1.5. Evaluere kapasitetsbehova

Resultata tyder altså på at relasjonane mellom dei ulike aktørane rundt Besseggen er meget bra, og at dette er noko som har betra seg endå meir dei seinare åra. I evaluering av kapasitetsbehova hevdar derimot ein av aktørane frå reiselivsnæringa at innanfor det offentlege er alt veldig tungrodd, og at det her ligg eit forbettringspotensiale:

*(...) det har blitt gjort tiltak på stigen, det går på tilgjengelegheit på toalett, det går på søppelmoglegheiter, slike ting da. Der gjer jo næringa ein del tiltak, men samtidig så ligg det jo i ein nasjonalpark så alt må jo avklarast med myndighetene og slike ting då. Eg hadde jo eit initiativ til å få opp skilt over ruta blant anna, på Besseggen, det tok to år. Det er klart at viss det var eit privat firma som skulle fiksa det, hadde det vore opp på ei veke. (Informant 2).*

Denne oppfatninga er det fleire av reiselivsaktørane som deler:

*Nei, slike prosessar er støtt så langdryge då. Altså der tykkjer eg oss som driv slike bedrifter er så vande med å ordne ting fort (...). Men når det gjeld kommunar og forvaltning, så har dei så utruleg god tid, og alt skal utgreiast så nøye, og det skal vere så mykje møte, og det tykkjer eg... ja då blir eg utolmodig. (Informant 3).*

Sjølv om det viser seg at relasjonane mellom reiselivsnæringa og forvaltninga har betra seg dei seinare åra, kan det sjå ut som det framleis er noko å gå på, slik det blir uttrykt frå ein næringsaktør:

*Jo det eg skulle sei, at når du har eit besøksmål som er så attraktivt som Besseggen her, Galdhøpiggen og sånne ting. Eg trur det er viktig at man ser det positive med det, enn å sjå utfordringa. For mange... blir feil å sei mange, men nokon då, som jobbar innanfor forvaltning institusjonar, og SNO, og fjellstyre, og alt mogleg. Det sit litt langt inne å sjå potensialet for at noko er bra då, når det er mykje folk samla på ein stad. At det er mykje å handtere det. Det er mykje lettare å handtere 60 000 menneskjer der, enn å handtere det over heile fjøla. For at*

*dei kjem til ein stad, du veit kor dei parkerer, du veit kor dei kjem seg med buss, du veit kor dei skal gå på toalett, du veit kor dei skal kaste frå seg avfall. Og det må ein sjå på som noko positivt, å skape gode opplevingar på ein liten stad. Lag brukssoner der infrastrukturen ligg til rette for det, og driv litt sånn folkeopplysning og opplæring. Få folk til å handtere fjellet der, så vil det bli mindre slitasje, mindre redningsaksjonar, mindre forsøpling elles i fjellet.*  
(Informant 4).

Dette er eit ressurskrevjande arbeid, og som tidlegare nemnd er det ei utfordring for forvaltninga i nasjonalparken å ha tilstrekkeleg med ressursar til slike oppgåver. I forvaltninga ynskjer dei seg fleire tilsette for å klare å handtere dette betre: «Viss du vil drive skikkeleg god forvaltning og vere i forkant, så bør det vere fleire. For eksempel naturvegleiarar som kan drive informasjon ute i felt». (Informant 1). Forvaltninga meiner at informasjonsformidling til brukarane er ein viktig del av forvaltningsarbeidet, då ein kan bevisstgjere dei kring verneverdiane, og kvifor vern er viktig. Denne informasjonsformidlinga kan skje ved skilting og/eller direkte i kontakt med brukarane, men per i dag blir det sagt at dei ikkje har tilstrekkeleg med ressursar til dette:

*Nei, oss skulle hatt meir naturvegleiarar, eller hatt meir økonomiske ressursar til at Besseggenpatrulja kunne gått endå fleire turar i løpet av veka. No har dei vel to, innanfor det budsjettet dei har brukt siste året. Så det er ressurs generelt. Personal og økonomi. Og viss du skal regulere, så er det og verneforskrifta som treng eit lite løft.* (Informant 7).

Den relativt ferske merkevarestrategien for Jotunheimen nasjonalpark skal bidra til ei heilskapleg tilnærming til besøksforvaltningsarbeidet der bruk og vern går hand i hand. Mykje tyder på at både merkevarestrategien og besøksstrategien til nasjonalparken er underkommunisert ut til reiselivsaktørane: «Eg visste ikkje at det kom noko ny strategi då, men eg merkar at det har forandra seg litt med holdningar, så ja kanskje.» (Informant 3). Ein av reiselivsaktørane stiller spørsmål om besøksstrategien i det heile har nokon hensikt:

*Nei, har ikkje merka noko av den der besøksstrategien eller forvaltningsplanar. Det er ofte noko dokument som er for gamle når dei er ferdige fordi dei bruker så lang tid på å utarbeide det at det er... Når dei begynte med ein besøksstrategi så har du kanskje 30 000 besøkande, men den dagen dem er ferdig så er ein oppi 70 000 sant, også stemmer plutselig ikkje den strategien lenger, så dem brukar for lang tid! Det er midt inntrykk da.* (Informant 2).

Ein annan aktørar trur han merkar effekten av den nye strategien, utan at han har motteke konkret informasjon frå forvaltninga om den: «Ja, eg gjer nok det, utan at eg kan sette fingeren på når det skjedde. (...). Så eg trur at vi merker det at, i forhold til den utviklinga som har vert, at det har vert ein ny strategi no. Eg trur det». (Informant 4).



## 5.2. Galdhøpiggen

### 5.2.1. Definer det sosioøkologiske systemet som er i fokus.

På Galdhøpiggen er det sosio-økologiske systemet i likskap med Besseggen bygd opp av aktørar frå reiselivsnæringa, forvaltninga- og oppsynstenesta, besøkande turistar, lokale innbyggjarar og dei naturgjevne tilhøva. Dei aktørane frå reiselivet som opererer i området, tilbyr føring til Galdhøpiggen, og nokre tilbyr også overnatting og matsservering. Enkelte av dei driftar leirskule og lagar opplegg for skuleklassar, der tur til Galdhøpiggen ofte er ein del av opplegget. Sjølv om alle dei næringsdrivande i større eller mindre grad baserer drifta si på turmålet Galdhøpiggen, kan det verke som dei satsar på noko ulike former for turisme:

*Det er og litt der visjonen til firmaet mitt om å ha opplevingar i mindre grupper, som skal gjere at eg og mine guidar har betre tid til å ta hand om, og legge til rette for dei besøkande. (...) viss ein samanliknar meg som ein liten aktør med dei som har mykje større besøkstal, så blir det jo litt forskjellig i måten ein jobbar på. (Informant 6).*

Det varierer òg i kor stor grad drifta til dei ulike reiselivsaktørane er knytt opp mot Galdhøpiggen. Det som derimot er felles, er at alle opplyser å ha næringsinntekter utanom det som går direkte på føringsturar til Galdhøpiggen:

*Eg opplever det at dei fleste som driv næring her, har ikkje berre Galdhøpiggen som mjølkeku. Alle saman prøvar å skape andre produkt som oss også kan bygge opp då. Det blir jo frykteleg sårbart å ha kun ein attraksjon. (Informant 10).*

Det finst òg reiselivsaktørar utan lokal tilknytning som utfører sporadiske føringsturar til Galdhøpiggen: «(...) rundt Galdhøpiggen så er det mange andre som berre svippa innom og driv organisert føring utan å ha kontakt med oss» (Informant 7). Etersom Galdhøpiggen er den attraksjonen i Lom som skaffar flest turistar, vil utgjere turistane ein kritisk komponent i det sosio-økologiske systemet. Reiselivsaktørane sine produkt er ikkje økonomisk berekraftige utan etterspurnad. Føring over Styggebreen mot Galdhøpiggen kan soleis utgjere ein viktig komponent i systemet då det er grunn til å tru at mange vel føringsturar på grunn av sikker ferdsle over breen:

*Viss ikkje Styggebreen hadde vore der, og alle kunne gå som dei ville, så trur eg det hadde vore mykje vanskelegare. Så slikt sett kan det kanskje vere interessant at viss det... sei eit scenario at Styggebreen er borte om 70 år. Viss den blir borte, korleis blir det då? Vil folk vere med guide? Eller vil dei gå sjølv?. (Informant 6).*

Etersom store delar av turen til Galdhøpiggen går innanfor Jotunheimen si nasjonalparkgrense, vil også nasjonalparkstyret og nasjonalparkforvaltninga inngå i det sosio-økologiske systemet. Det same

gjeld naturoppsynet, som skal rapporterer om lovbrøt og følgje opp tiltak. I tillegg til vêr- og sesongvariasjonar, utgjer også dei naturgjevne tilhøva ein viktig komponent også her, Galdhøpiggen som sjølve attraksjonen og Styggebreen som ein flaskehals for dei besøkande.

5.2.2. Kartlegg forvaltningsoppgåver som må utførast og utfordringar som må løysast.

Ifølgje informantar frå reiselivsnæringa kring Galdhøpiggen har det vore ein tydeleg auke i talet på besøkande dei seinare åra, og i likskap med Besseggen skaper det utfordringar kva gjeld logistikkbehov:

*Det har vore ei besøksauke, og det skjedde eit eller anna i 2015, det gjorde det. 15-16 kanskje, der skjedde det noko. Og der auka det betydeleg. Det er klart det ser oss altså på guidebiten, at det legg veldig trykk på fasilitetane då. Det legg trykk på kapasitet på guiding. (Informant 8).*

I tillegg til at det generelle besøkstalet har vore i vekst dei siste åra, er det nemnt at også besøksmønsteret har endra seg vesentleg, spesielt i sommarmånadane:

*Ja, men det er meir varierende no enn kva det var før. For før var det bra med folk heile tida, men no er det veldig mykje når det er fint vær, også er det nesten ingen når det er dårleg vær. Så det er dei dagane det er mange folk at det dreg på då, eller at det er mykje meir. Men slik i lågsesong og slik, så er det ikkje så mykje meir då, det er det ikkje. (Informant 11).*

Desse endringane kan sjåast i samanheng med endringane ein ser innan det naturbaserte reiselivet, der det verkar som om fleire og fleire er på søk etter høgdepunktsopplevingar:

*For mønsteret på turfolket, eller turiststraumen, er litt grann annleis, det er meir populært med slike signalpunkt som Galdhøpiggen og Besseggen er. Det er meir status, rett og slett. Og så har ein fått dette der med dette toppturjaget, dreg mykje til seg då. Dette der hytte til hytte turismen har vore avtakande, for å sei det slik» (Informant 9).*

Alle aktørane rundt Galdhøpiggen verkar å vere einige om at været er ein avgjerande faktor for kor stort besøkstrykket er på den enkelte dag:

*Og veldig avhengig av vær. Kanskje meir og meir avhengig av vær no enn det var før. Folk planlegg for å nå det ultimate toppværet, og folk har fleksibilitet til å reise når dei vil. (...) oss kan gå frå 1000 ein dag på piggen, til 90 neste dag, eller 50, på grunn av at det er litt dårlegare vær neste dag (Informant 8).*

Dei som driv reiselivsnæring er stort sett samstemte om at besøkstalet på Galdhøpiggen ikkje har nådd eit kritisk nivå og at det er mogleg å ta imot fleire: «(...) eg føler nok at det er litt grann langt fram endå. Problemet må bli større enn det er no, det må det. For oss klarar fint å takle det no». (Informant 11). Likevel er reiselivsnæringa einige om at ein må jobbe aktivt for å spreie besøkstrykket utover sesongen og samtidig auke guidekapasiteten: «Så i forhold til sjølve Galdhøpiggen, så vil det kunne vere kapasitet til å vere fleire der i løpet av ein sommar, men då må det bli spreidd meir utover, og ein treng fleire som jobbar med det oppi her» (Informant 6). Trass i dette ga ein av mine informantar frå forvaltning og oppsynstenesta uttrykk for at Galdhøpiggen har ei smertegrense for kor mange besøkande det er plass til, og at ein enkelte dagar i 2018 var nærare denne grensa ein kva ein har vore tidlegare:

*Altså sist sommar, så var det ein spesiell sommar, og det var vel sikkert rekord oppå der. Eg trefte til å vere der kanskje den dagen det var mest folk oppå der. Det var mellom 1500 og 2000 anslo oss, i samråd med førarane altså. Og dei eg prata med då, dei gav uttrykk for det at det kunne nesten vere grunnlag for å regulere, når det blir så mykje som det var den dagen, for då blir opplevinga ein heilt annan, enn om du er oppå der når talet er noko lågare då. (Informant 9).*

Sjølv om ferdselen på det jamne verkar å vere handterbar, erkjenner også nokre i reiselivsnæringa at midt på sommaren kan det store besøkstalet vere ei utfordring: «At juli i Jotunheimen i fjor, då var det mykje folk. Og viss den trenden fortsett, viss oss får mange slike juli etter an, då trur eg at forvaltningsmyndigheitene må revurdere ein del ting, det trur eg». (Informant 8). Forvaltninga har på si side i utgangspunktet få moglegheiter til å kunne gå inn å styre ferdselen direkte: «Oss har ingen reiskap i verneforskrifta til å regulere det, slik eg ser det. Det skal vere særdeles høgt press og stort problem for at oss skal byrje å innføre ferdselrestriksjonar». (Informant 7).

Tilbakemeldingane til turistvertane tilseier at på dagane med mest besøk på Galdhøpiggen, blir besøksopplevinga redusert for mange:

*Nei, altså det er jo klart at folk har jo tykt at det har vore for mykje folk, og det er jo ikkje triveleg til formålet, det er det ikkje. Så dei 5-6 dagane i året det er for mykje, då går du jo i kø, så det vil jo svekke opplevinga di, det vil det. (Informant 11).*

Det same kjem fram i spørsmålet om store besøkstal påverkar turopplevinga. Her er oppfatningane at det er veldig individuelt:

*Det blir frykteleg slik subjektivt. Eg trur mange er superstolte og har fått ei god oppleving, sjølv om dei deler opplevinga med tusen andre den dagen, men eg ynskjer ikkje det for*

*eksempel. Så eg trur det er frykteleg individuelt, men visst mange er som meg då, så vil eg tru det at ei besøksauke kan redusere opplevinga ja, eg vil tru det. (Informant 10).*

Dei aller fleste som skal på Galdhøpiggen frå Juvasshytta, nyttar seg av guidetilbodet.

Reiselivsaktørane i området verkar alle å vere opptakne av sporlaus ferdsel, slik at avtrykket frå turgåarane skal bli minst mogleg: «*Når eg guidar grupper til Galdhøpiggen så gjer eg eit poeng ut av at ein skal ta med seg søppel visst ein ser søppel*» (Informant 10). Problem med avfall vert hevda å ikkje vere noko stort problem på Galdhøpiggen, fordi dei fleste som går der har med seg førar:

*Hos oss så er jo det nesten ikkje søppel å prate om over mot piggen. For oss er jo nøye på om at alle må ta med sitt eige nedatt, oss informera godt om det. Men andre plassar så har eg sett at der er det for mykje søppel. Så det er ein fordel med at folk bør gå med guide hos oss då. (Informant 11).*

Både søppel og stislitasje verkar å vere eit avgrensa problem på Galdhøpiggen. Det ser ut til å vere større utfordringar kva gjeld tilgang på toalett:

*Men eg må jo sei at, no har oss hatt ei ganske sterk auke dei siste åra, og eg har ikkje sett meir søppel oppi her no enn kva eg har gjort før, det har eg ikkje gjort. Men det er klart at do-besøk, det er jo eit visst press når det gjeld det då. Det er jo eit sårbart høgfjellsmiljø, men på same tid så er det jo stein ein går på. Du har ikkje den erosjonsproblematikken her, som du har for eksempel på Besseggen. (Informant 8).*

Mangel på toalett langs på ruta til topps på Galdhøpiggen har vore tema for diskusjon ved fleire høve, utan at det har ført fram til løysing: «*(...) og ikkje minst dette der med toalettproblematikk då, som har no vore ei utfordring som har vore diskutert mykje, utan at det har vorte noko løysing på det*» (Informant 9).

I prinsippet kan kven som helst drive med fjellføring i Noreg. Både forvaltninga og reiselivsnæringa i Lom er einige om at det er ei utfordring når det kjem aktørar utanfrå med ukjent kompetanse for å drive føring på Galdhøpiggen. Forvaltninga skulle ynskje at dei kunne ha betre kontroll med dei ukjente aktørane:

*(...) verneforskrifta vart revidert i 2014 og der står det at organisert ferdsel som ikkje går ut over verneverdiane ikkje treng løyve. Greitt, det høyrer fint ut, men oss greier då berre å handtere dei lokale, for dei veit oss kven er. Så oss er i dialog med dem, men rundt Galdhøpiggen så er det så mange andre som berre svippa innom, som er her, som driv organisert føring utan å ha kontakt med oss. Eg meina ikkje at det skulle vore slik kjempestrengt, at oss i forvaltninga skal sitte å bestemme så mykje, men at oss hadde fått ei*

*registreringsplikt, så oss hadde visst kven dei er. Fått betre overblikk på omfanget, for eg veit ikkje kor mange som går der ein gong. At viss eg skulle ynskja meg noko, så hadde det vore eit punkt der organisert ferdsl hadde vore endra slik at det hadde vore ei meldeplikt. (Informant 7).*

Det blir nemnt at tryggleiken i slike tilfelle kan vere ei utfordring, ettersom lokalkunnskapen til aktørar utanfrå gjerne blir oppfatta å vere mangelfull:

*Då kan du sei at når oss får inn folk som ikkje er vand med å drive med det, som kanskje har vore ein tur i året, to tur i året, der dei guidar kommersielt. At dei plutseleg legg løypa ut til høgre der, og dreg på rett opp, der ei utgliding vil føre til katastrofale følger. Det er klart at viss det blir sett opp eit feil spor, då går alle andre der og» (Informant 8).*

Dei fleste som skal på Galdhøpiggen, køyrer bil heilt opp til Juvasshytta. Eit par av reiselivsaktørane meiner biltrafikken kan bli i største laget:

*Nei, altså eg tenkjer jo at det er ikkje bra med all den bilkøytinga. (...). Det er hundrevis av bilar. Det går buss, men det er liksom ein tur opp og ein tur ned, og ein tur opp og ein tur ned på ettermiddagen at. Så eg tenker at kollektivtilbodet er ikkje eit reelt tilbod. Det er ikkje reelt alternativ for transport opp og ned. Så det synes eg ikkje er fullt så bra, den biltrafikken som trass alt førgår. (Informant 10).*

Det er difor eit ynskje om eit fullverdig kollektivtilbod som kan erstatte mykje av dagens trafikk med privatbil:

*Altså, ein ting som er utfordring der oppe er dette med transport, og kollektiv transport. Det er nesten sik at ein må ha bil for å komme seg rundt, sjølv om det midtsommars i hovudsesongen er sett opp bussar og meir kollektivtransport. Men dette med infrastrukturen utanom sjølve turen då, er jo ei utfordring som det nok må jobbast litt med. (Informant 6).*

Det skulle også ifølgje dei aktuelle reiselivsaktørane vere enkelt å løyse denne utfordringa:

*Nei altså, det er jo at det hadde gått bussar som hadde korrespondert med dei avgangane på turane for eksempel. For du skal jo ikkje vidare frå Juvasshytta, du må jo ned den same vegen som du kom. Så det er jo ein endestasjon, det er jo kjempeenkelt å lage til busstilbod, alle skal jo ned. (Informant 10).*

### 5.2.3. Identifisere deltakarar i medforvaltningsaktivitetar og relaterte problemløysande prosessar.

Etter det som kjem fram, har reiselivsbedriftene rundt Galdhøpiggen endå ikkje sett i gang prosessar for å formalisere samarbeidet ved Galdhøpiggen. Besøksutfordringane per i dag ikkje er større enn at dei hevdar at dei som oftast klarer å handtere besøkmengda. Samarbeidet mellom næringane som opererer ut i frå Juvass, er av den grunn sagt å vere nokså uformelt og at det baserer seg meir på sporadiske møte: «*Ne, i rammene er at oss treffast i fjellet og at oss pratast der, i gjennom dialog. Det er ikkje formalisert, oss har ikkje noko formaliserte rammer*». (Informant 8). I den grad rammene for samarbeidet mellom reiselivsbedriftene som opererer på Galdhøpiggen er formalisert, så er det gjennom «Visit Jotunheimen». Dette er destinasjonsselskapet i Lom kommune, og dei fleste reiselivsbedriftene der er inne som aksjonærar. Det kjem fram at utanom dette næringssamarbeidet er det opp til kvar enkelt å danne sine egne nettverk:

*Ja altså, formalisert i den grad at oss har Visit Jotunheimen. Eg tenkjer at det er ein fin arena som på ein måte kan fremje samarbeidet, fremje den gode intensjonen. Også er det jo opp til kvar enkelt å danne nettverk, og vere flinke til å pleie nettverk, og bruke nettverk. (Informant 10).*

Det er med andre ord ikkje noko formaliserte rammer knytt til forvaltningsarbeidet på Galdhøpiggen. Forvaltninga har eit årleg møte i form av rådgjevande utval der dei inviterer destinasjonsselskapa rundt Jotunheimen nasjonalpark:

*Ja, no har oss jo nokre slik formelle møtearenaer med dei spesielt då, så møter med næringsdrivande i formell samanheng då gjennom rådgjevande utval. Så då blir det dei frå Visit Jotunheimen og Nasjonalparkriket som er her på vegne av bedriftene då. (Informant 7).*

Frå forvaltninga sin del er det eit ynskje om å kunne få til eit tettare samarbeid med reiselivsnæringane rundt Galdhøpiggen i framtida: «*oss skulle ynskja at oss kunne følgd opp på Galdhøpiggen, om ikkje akkurat no, men i alle fall ved ein eller anna anledning om ikkje så alt for lenge*». (Informant 7).

### 5.2.4. Analyser relasjonar.

Sjølv utan formaliserte rammer, verkar det å vere semje blant reiselivsaktørane rundt Galdhøpiggen om at dei har eit godt samarbeid seg i mellom: «*Det går bra, vertfall med dei lokale, så er det eit bra samarbeid*» (Informant 11). Dessutan samarbeider næringane om organisering og tryggleik på

turane: «*Nei, det er godt samarbeid, både når det gjeld redning og beredskap, og planlegging av turar, gjennomføring, ja, det er det*». (Informant 8). Som ved Besseggen har relasjonane mellom reiselivsaktørane ikkje alltid vore gode: «*Gud fri oss, her har det vore krig i mange år*». (Informant 8). På spørsmål om det er usemje i dag, verkar reiselivsaktørane å vere samstemte om at relasjonane har betra seg mykje i takt med besøksauken dei siste tiåra: «*Nei, ikkje no. Det er nokre år sida. No er det nok gjester til at alle kan leve av det, så då er det litt enklare enn når det var tronge tider*» (Informant 11).

Det blir hevda at frå etableringa av Jotunheimen nasjonalpark i 1980 og fram til i dag, har relasjonen mellom forvaltning og reiselivsaktørane rundt Galdhøpiggen endra seg i stor grad:

*Ettersom det der har gått seg til, så innser dei (næringane) meir at det er nødvendig å tilpasse seg, å ser og verdien av det. Det var ikkje så svart/kvitt som det var i startfasen, då såg dei meir på vernemyndighetene som ein fiende, som heldt dei nede kan du sei, men det er meir akseptert no. (Informant 9).*

Alle reiselivsaktørane hevdar å ha eit godt forhold til både forvaltninga og oppsynet:

*Nei, oss har eit godt forhold, til både nasjonalparkforvaltarar og fjellstyre, det har oss. Og vi har god dialog med dei. Det er flinke folk i Lom. Eigentleg eit ganske lågt konfliktnivå mellom næringslivet og forvaltninga i området her, kontra det du ser andre plassar der ofte villrein er ein stor del av det. Der har du eit heilt anna konfliktnivå, og den problematikken slepp oss her (Informant 8).*

Reiselivsaktørane rundt Galdhøpiggen hevdar at dei som arbeider i forvaltninga er svært lite å sjå ved Galdhøpiggen:

*Altså, når det gjeld vår aktivitet oppi her, så har oss eigentleg veldig lite med oppsyn og forvaltning å gjere. Før så var det eit mykje strengare regime på dette her, då var det jo rapportering og søknad. Oss måtte søke på kor mange turar oss skulle ha, cirka tal, så måtte oss rapportere etterpå. Og det vart jo ei liberalisering, eigentleg over heile Jotunheimen, når det gjeld guiding. Så oss har eigentleg veldig lite med forvaltning og oppsyn å gjere, dei er veldig lite synlege her oppi. (Informant 8).*

Forvaltninga på si side forklarar fråværet på Galdhøpiggen med mangel på personalressursar:

*Jaudå, oss kunne nok godt hatt meir tid til å jobbe meir med dei, men der er det eigentleg personalressursane som set sine avgrensingar, då. Men oss har hatt tankar om det, men akkurat no så er eg einsleg, så no er det ikkje aktuelt. Men då oss var to, når oss fekk i land*

*forvaltningsplanen så såg vi for oss mykje meir utstrekt dialog med spesielt miljøet rundt Galdhøpiggen, Besseggen, Vettisfossen, der oss har så mykje turistar at det på ein måte ikkje er slik vanleg friluftsliv, det er meir slike turistattraksjonar vil eg sei, då (Informant 7).*

At forvaltninga har avgrensa med ressursar til å følgje opp det som skjer i Jotunheimen, gjer det ekstra viktig for dei å ha god dialog med næringsaktørane for å få eit betre bilete av den rådande situasjonen:

*Eg vil sei oss brukar førarane litt som informantar, i og med at ressursane er så avgrensa hos forvaltninga. Oppsynet har ikkje kapasitet til å stikke innom å sjå på kva som skjer på dei forskjellige områda med den trafikken oss har i Jotunheimen. (...) oss er eigentleg svært avhengige av at den her familien av dei som brukar Jotunheimen i næring blir ein del av nettverket. (Informant 7).*

#### 5.2.5 Evaluere kapasitetsbehova

At det ikkje er opplyst å like store besøksutfordringar ved Galdhøpiggen, legg på mange måtar premissane for evalueringa av kapasitetsbehova. Styggebreen fungerer på mange måtar som ein flaskehals på ruta, noko som har gjort at det har vore lettare å ha kontroll på aktiviteten. Kapasiteten på guiding set grenser for talet på besøkande. Dermed har heller ikkje behovet for eit problemløysande samarbeidsforum mellom aktørane vore like relevant som ved andre ikoniske turmål:

*Det er på ein måte rart å sei det, men slik eg ser det så har det ikkje vore så mykje fokus på det endå sånn generelt. Verken mellom næring eller næring og forvaltning. Og det trur eg ligg litt i at Galdhøpiggen avgrensar seg litt sjølv, med at dei fleste, storparten, som går der går med guide, då frå Juvasshytta over breen, og så nokre som går sjølv frå Spiterstulen. Men det avgrensar seg litt sjølv. Viss ein kunne gått einsleg, den enklare varianten frå Juvasshytta. Det er ikkje ein enkel tur, men ein enklare tur enn for eksempel Trolltunga, så trur eg at ein kanskje kunne opplevd endå større besøksvekst, og at ting hadde kunne vorte endå meir ukontrollert, og da ser eg for meg at det kanskje kunne blitt såpass kritisk at det hadde vorte meir dialog, mellom næring og forvaltning, slik ein har sett andre plassar i landet. (Informant 6).*

Ein annan grunn til at behovet for kapasitetsbygging ikkje framstår som påtrengande, kan nok forklarast med i at reiselivsaktiviteten opp mot Galdhøpiggen har gått føre seg i mangfaldige generasjonar og at verneforskrifta i Jotunheimen nasjonalpark er utforma deretter: «Ja, næringa har



*føregått lenger enn vernet, så det er klart at forskrifta og lovverket har jo teke omsyn til den verksemda, det er openbart» (Informant 8). I tillegg gir næringane uttrykk for at dei heller ikkje ynskjer å utfordre lovverket: « (...) det er jo seriøse aktørar oppi her, det er veldig lite "cowboy" då. Så eg vil jo sei at oss forhold oss til lovverket og dei pålegga oss får» (Informant 8).*

Nasjonalparkforvaltninga verkar å vere samd med reiselivsaktørane i dette og understrekar viktigheita av å ha aktørar som driv med føring i nasjonalparken:

*Ja eg ser dei som ei styrkje og ikkje som motpart, oss opplever dei ikkje som pressgruppe for å få lov til meir enn verneforskriftene opnar for å få lov til meir enn verneforskrifta opna for, dei er lojale i forhold til verneforskrifta. Dei har forståing for at ein nasjonalpark har sine regler, (...) og viss oss ikkje hadde hatt alle slik som har drive med guiding, så hadde det vore ei svakare forvaltning. (Informant 7).*

For forvaltninga er det av den grunn viktig at førarane har god kunnskap om verneverdiar og korleis ein skal oppføre seg i naturen. Dei saknar midlar til å kunne drive med naturfagleg opplæring av dei som har føring til Galdhøpiggen:

*(...) eg ser at ein del turistar spør, dei lurar på namn på plantar og dyr og slike ting, og at oss kanskje skulle hatt litt meir ressurs til å kunne skolere fleire av dei som driv guiding på litt slik enkel naturinformasjon. Eg meiner ikkje at dei skal halde foredrag eller sånn stor detaljert kunnskap, men litt basis, det er viktig. Og mange av dei har det, men eg ser at enkelte ikkje veit namnet på ein einaste fugl dei går forbi. (Informant 7).*

Ifølgje den lokale oppsynstenesta er eit godt samarbeid mellom forvaltning og reiselivsnæring viktig for å få til dette:

*Men det er i alle fall viktig at det er eit godt samarbeid mellom forvaltninga og næringsaktørar der. At forvaltninga kan nå ut med informasjon, igjennom dei kan du sei. For det er litt ambivalent i forhold til den skiltinga, at det skal vere berre forbode skilt. Det gjer ikkje noko godt inntrykk nei, av forvaltninga det heller. (Informant 9).*

I nyare tid har det kome til nokre mindre aktørar i Lom som prøver å møte etterspurnaden etter mellom anna naturinformasjon. Dette skjer ved føring av mindre grupper, der formidling av naturverdiar, vern og lokal historie er viktige dimensjonar ved turen:

*(...) eg skal prøve å få bygd opp eit firma som er lokalt forankra. Og som har eit tilbod der folk veit at det dei er med på er kvalitet i. Som då ofte går på tur i mindre grupper, for å ha kvalitet i dei opplevingane dei etterspør. Og ein del av det føler eg blir mykje fokus på å både prate og lære bort om området. Både med historia til Jotunheimen, til dei som har budd her,*

*korleis området og naturen har vorte brukt, og korleis det har vorte forvalta då, gjennom dei siste 250 åra, medan den guidinga berre gradvis har auka til å vorte større og større. (Informant 6).*

Nokre av reiselivsaktørane gjer dette fordi dei sjølve kjenner på eit ansvar i å bistå forvaltninga med informasjonsarbeid:

*Nei oss gjere jo alltid oppmerksom på at no går vi inn i ein nasjonalpark og at her er det andre reglar som gjeld. Oss prøvar jo liksom å bidra med det oss kan av opplysning då. Oss opplyse jo alltid om allemannsretten og at det er ein heilt spesiell ting for Noreg for eksempel, og at den har med seg ein del ansvar, slike ting. Også er vi jo ein informasjonskanal, for forvaltninga og då. (Informant 10).*

Som tidlegare nemnt, har ikkje forvaltninga tilstrekkeleg med midlar til å kunne drive med skolering av førarar i nasjonalparken. Dette gjer at denne informasjonsformidlinga førebels skjer på eige initiativ frå reiselivsaktørane: «*Nei, det er noko oss tek initiativ til sjølv, ikkje noko slikt pålegg eller ikkje noko slik*» (Informant 10).

I likskap med Besseggen gir også nokre av reiselivsaktørane rundt Galdhøpiggen uttrykk for langdryge prosessar innan det offentlege:

*Det tek tre år å få opp eit lite skilt som seier at du ikkje skal kaste søppel i naturen, sant. Det er på det nivået der. Det er ei treigheit i systemet som ikkje liknar noko. Også har dei fått det dei kallar så fint, ei desentralisering, der dei har fått oppretta eigne nasjonalparkstyre. Det er ingenting som på meg som virka at det er "ja" byråkratisering eller få ting raskare til å skje. (Informant 8).*

Som ved Besseggen, opplyser reiselivsaktørane ved Galdhøpiggen at dei har fått lite informasjon om den nye besøksstrategien for nasjonalparken, og nokre av aktørane har heller ikkje høyrte om den.

Likevel opplyser enkelte at dei har merka at det har skjedd ei endring dei siste åra:

*Altså, eg har ikkje høyrte om den. Men når du seier det så tykkje eg at det klinger bra med den mentaliteten som er her etterkvart. Eg vil sei at det er det oss prøver å oppnå, oss prøver å bruke nasjonalparken, men behandle den pent og forlat den i pen stand liksom. (Informant 10).*

Medan nokre av dei næringsdrivande rundt Galdhøpiggen meiner at den nye merkevare- og besøksstrategien i nasjonalparken stemmer godt med utviklinga ein har sett dei siste åra, er det andre som er litt meir i tvil:

*Nei. Eg som næringsdrivande har ikkje merka noko som helst forskjell etter at den kom. Og i kva for grad ein har klart å implementere den i den nye satsinga, eg veit då søren. (...) det var jo liksom store vigør når den her nye besøksstrategien kom, at no skulle liksom næring og forvaltning dra i same retning, men eg veit då søren eg. Du ser ikkje så mykje til det. (Informant 8).*

At reiselivsaktørane gir uttrykk for å ha lite kjennskap til den nye merkevare- og besøksstrategien, tyder på at forvaltninga og nasjonalparkstyret kan bli meir tydelege i formidlinga til næringane om strategien sin betydning for dei som er næringsaktørar i nasjonalparken:

*Eg hugsa jo at besøksforvaltninga den nye besøksstrategien, påkosta veit du med fancy designfirma, som dei brukte millionar på det, det gjorde dei, på glansa papir. Men fortsett så er kommunikasjonen, den manglar, mellom forvaltning og næring, den gjer det altså. Og eg starta litt med det innleiingsvis, med nasjonalparkstyre også vidare og vidare, men min oppfatning er jo ikkje at kommunikasjon har vorte betre av den grunn. Sjølv om det er lokale politikarar stort sett. (Informant 8).*

Blant reiselivsaktørane rundt Galdhøpiggen er det varierende grad av vilje til å ha eit meir formalisert samarbeid mellom næring og forvaltning: «Men der tenker eg at det hadde vore gunstig med dialog, for å få avklare, «kva ynskjer dei?», og «korleis eg gjer det?», og der ynskjer eg også at ein kan samkøyre meir då» (Informant 6). Medan nokre av reiselivsaktørane ynskjer meir dialog, trivst andre betre med eit uformelt samarbeid, utan for mykje møteverksemd. Likevel interesse for meir og betre dialog dersom dette gir konkrete resultat:

*Altså, når ein har sitte i så mange reiselivsmøter som eg har gjort, så har ein ikkje lyst å byrje å formalisere noko som helst, så det blir endå meir møter. Eg har sitte på så mykje møter at eg har ikkje tal på det. Så eg syns det er litt slik vanskeleg spørsmål. Visst ein kan ha gode møter der det kjem gode løysingar ut av det, så er det klart det. Men eg vil eigentleg berre drive med mitt eg då, og så får eg mest mogleg fred. Og så har oss eit samarbeid på dagleg basis, som fungera bra. (...). Men det er klart for å få til ein heilskapleg besøksforvaltning, ja så må det til dialog på alle nivå, det må det. (Informant 8)*

## 6. Diskusjon

I dette kapittelet vil dei to case-områda og deira sosio-økologiske system bli samanlikna og diskutert i lys av ein adaptiv medforvaltningsprosess. Strukturen på denne delen er bygd opp rundt dei seks stega i denne prosessen. Vidare vil eg samanlikne funna mine med ei tidlegare undersøking i Jotunheimen.

### 6.1 Dei sosio-økologiske systema

Sosio-økologiske system blir definerte som sosiale system der gjensidige relasjonar mellom menneske eksisterer i samspel med ikkje-menneskelege einingar (Anderies et al., 2004). Eit slikt system er samansett og komplekst, og det vil ofte vere vanskeleg å identifisere alle komponentane som verkar inn (Ostrom, 2009). Ut frå oppgåva si avgrensing, vil det vere vanskeleg å analysere alle nyansar som medverkar i eit sosio-økologiske system for kvart av dei to case-områda.

Mykje tyder på at både Besseggen og Galdhøpiggen har hatt ei vesentleg besøksauke dei siste ti åra (Dybwad & Klæbo, 2008; Statens naturoppsyn, 2018a, b). Ferske tal frå ferdselsregistreringane til Statens naturoppsyn og tala frå den over ti år gamle forvaltningsplanen kan tyde på at Galdhøpiggen har hatt ei større auke i talet på besøkande dei siste åra enn kva Besseggen har hatt. I tiårsperioden frå forvaltningsplanen i 2008 og fram til 2018 har det årlege besøkstalet på Galdhøpiggen auka så mykje som med 20 000. Besseggen på si side har hatt ei auke på kring 11 000 i same periode (Dybwad & Klæbo, 2008; Statens naturoppsyn, 2018a, b). Tala frå Gjendebåten kan derimot antyde noko anna. Der har det årlege talet på passasjerar auka med 33 000 mellom 2010 og 2017 (Gjendeguiden, 2018). Denne auken treng ikkje eintydig forklarast med auke i talet på Besseggenvandrarar. Truleg har ein ikkje uvesentleg del passasjerar andre føremål med båtturen enn å skulle gå over Besseggen tilbake. Båten går mellom anna vidare til Gjendebu. Dessutan er det også rimeleg å tru at ein del nyttar båttransporten som ein fornøyelse i seg sjølv.

Ferdselsregistreringane i forvaltningsplanen frå 2008 blei utført rett ovanfor Gjendesheim i 2007, medan ferdselsregistreringane frå 2018 blei gjennomført rett over Memurubu. Dette kan svekke pålitelegheita til talmaterialet ettersom det er rimeleg å tru at ein del av registreringane frå 2007, kjem av kortare turar opp lia mellom Gjendesheim og Veslefjellet. Slik sett kan besøksauka over Besseggen ha vore større enn det talmaterialet gir uttrykk for. Ved Galdhøpiggen er det også noko usikkerheit knytt til tala. Ut i frå mine opplysningar er 2018 første året med ferdselsregistreringar mellom Spiterstulen og Galdhøpiggen. Det kjem ikkje fram av forvaltningsplanen om tala som blir brukt i denne utelukkande er basert på tal frå Juvass-området, eller om dei også inkluderer trafikken opp frå Spiterstulen-området. Om tala frå forvaltningsplanen ekskludera trafikken opp frå Spiterstulen vil besøksauka dei siste åra kunne vere noko lågare. Det er ei kjent sak at sommaren

2018 hadde usedvanleg mykje finvær, noko som kan ha gitt uvanleg høge besøkstal hos dei aktuelle turmåla. For meir presise tal og eit god oversiktsbilete, vil det vere føremålstenleg med fleire ferdselsregistreringar over tid på dei same lokasjonane. Uansett gir tala ein indikasjon på ei vesentleg besøksauke dei siste ti åra i begge case-områda. Denne indikasjonen kan tyde på eit behov for å revidere deler forvaltningsplanen ettersom føresetnadane har endra seg. Ifølgje ein av nasjonalparkforvaltarane i Jotunheimen er arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen i gong, men arbeidet har av ulike grunnar drege ut i tid av ulike grunnar.

Det er nokre sentrale fellesnemnarar som utmerkar seg i dei to case-områda. Først og fremst er det to populære turmål i ein nasjonalpark, der dei begge etter alt og døme har hatt ein vesentleg auke i talet på fotturistar dei siste 10 åra. Begge case-områda har reiselivsaktørar som tilbyr overnatting og føring, men i tilknytning til Galdhøpiggen er det eit større omfang av føringsverksemd enn ved Besseggen. Sjølv om mange av dei aktuelle reiselivsaktørane har alternative inntektskjelder, så er Besseggen og Galdhøpiggen hovudattraksjonen i kvar sitt område, og dei er soleis sær viktige for drifta til dei fleste av reiselivsaktørane.

Ettersom både Besseggen og Galdhøpiggen ligg i Jotunheimen nasjonalpark, er dei omfatta av same nasjonalparkstyre og nasjonalparkforvaltning. Dette gjeld og for Statens naturoppsyn, då begge case-områda ligg innanfor same oppsynsområde. Besseggen og Galdhøpiggen er omfatta av to ulike fjellstyre som administrerer bruksrettane i tilknytning til høvesvis Lom kommune og Vågå kommune sine statsallmenningar. Statens naturoppsyn utfører tenestekjøp hos fjellstyret når dei skal utføre tiltak i dei to case-områda. På den måten inngår dei to ulike fjellstyra i kvart sitt sosio-økologiske system.

Begge case-områda har også ikkje-menneskelege komponentar i det sosio-økologiske systemet og som er med på å utvide næringsgrunnlaget. Dette er komponentar som også er med på å danne premisser for aktiviteten. Ved Besseggen er innsjøen Gjende ein sentral komponent. Innsjøen fungerer som ein barriere for fri ferdsel, noko som gir næringsgrunnlag for båttransport over innsjøen. Dei flest vel båttransport når dei skal på Besseggen, anten fram til startpunktet for sjølve turen, eller tilbake igjen etter at turen er gjennomført. Rutebåten på Gjende har lange tradisjonar for transport av turgåarar og har blitt unnateke forbodet mot motorisert ferdsel i verneforskrifta (Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark, 2014). Båten viser seg også å kunne fungere som eit forvaltningsverktøy ettersom båteigaren sjølv legg ei avgrensing i talet på turar per dag.

Ved Galdhøpiggen har ein også ein liknande barriere. Styggebreen er sterkt frårådd å krysse utan nødvendig utstyr og kompetanse, og for mange er dette ein viktig grunn til å nytte seg av føringstilbodet. Soleis er Styggebreen med på å utvide næringsgrunnlaget, og det vert hevda at

enkelte dagar er etterspurnaden større enn tilbodet. På denne måten har breen ein besøksavgrensande funksjon i seg sjølv. I tillegg har den ein kanalisierende effekt på ferdselen.

Sjølv om ein snakkar om Gjende og Styggebreen som barrierar for ferdselen treng ikkje det bety ei svekka turopplevinga. Både båttur og breferd er med på å tilføre turane ein ekstra dimensjon, som vil kunne bidra til å styrkje sjølve turopplevinga.

Galdhøpiggevegen frå Raubergstulen til Juvasshytta fungerer også som ein komponent i det sosio-økologiske systemet. Her er høgdeskilnadane 840 meter. Utan vegen er det grunn til å tru at færre hadde teke turen til Galdhøpiggen.

Utforminga på dei to turane er ulik. Når ein går over Besseggen går ein som regel frå «A» til «B», med båttransport tilbake eine vegen. Soleis er Besseggen utforma som ein rundtur. Når ein går Galdhøpiggen kan ein også velje å gå frå «A» til «B», til dømes ved å starte frå Juvass og avslutte ved Spiterstulen. Det er derimot ikkje veldig vanleg. Dei fleste som går turen frå Juvass går tilbake den same vegen. På denne måten er turen utforma som ein «opp-ned» tur.

Vær og sesongvariasjonar hevdast også å påverke besøkstrykket på både Besseggen og Galdhøpiggen i stor grad. Slik sett utgjer også desse faktorane viktige komponentar i dei sosio-økologiske systema. Dette er komponentar som reiselivsaktørane i liten grad styrer, anten dei verkar i favør eller disfavør av aktiviteten deira. Difor må reiselivsaktørane til ein kvar tid tilpasse seg dei rådande forholda i dette sosio-økologiske systemet.

## 6.2 Forvaltningsoppgåver som skal utførast og problem som skal løysast.

Ved både Besseggen og Galdhøpiggen vedgår aktørane at det er utfordringar knytt til besøksveksten som har vore. Informantane frå begge case-områda uttrykker dei har logistikkmessige utfordringar knytt til at dei fleste legg turane sine til finversdagar midt på sommaren. Jaget etter det ultimate turværet medfører dagar med veldig høge besøkstal, men også dagar der besøkstalet er langt lågare. Besøkstalet har store variasjonar også frå dag til dag, noko skaper ein viss uføreseielegheit for reiselivsaktørane. Både Besseggen og Galdhøpiggen arbeider for å spreie besøkstrykket utover dagane i sesongen. Både ved Besseggen og Galdhøpiggen har reiselivsaktørar innført «onlinebooking» i verksemda, noko som gjer det lettare å føresjå eit anslagsvis besøkstal. Dette gjer at aktørane er betre forberedt frå dag til dag, og på denne måten vil besøkshandteringa fungere betre. Ifølgje informantane har dette gitt positive utslag i forhold til å fordele dei besøkande til litt ulike tidspunkt på dagen, noko som har gjeve mindre venting og kødanning. På denne måten bidreg «onlinebookinga» til å redusere opplevinga av trengsel blant dei besøkande.

Aktørar frå begge case-områda vedgår at turopplevinga til dei besøkande kan verte forringa på dagar med størst utfart. Ifølgje informantane vil turgåar på slike dagar kunne oppleve å måtte gå i kø både over Besseggen og til Galdhøpiggen. For nokre kan det vere med å forringe turopplevinga. Andre derimot, reagerer ikkje så mykje så mykje på det gir nokre informantar opplysning om. I og med at besøkstrykket er størst på godvêrsdagane, tyder mykje på fleirtalet føretrekker å gå turen i godvêr trass kø-utfordringane. I sum kan då den samla turopplevinga i godvêr opplevast som betre enn på ein dag med dårlegare vêr utan kø. I følgje nokre informantar er det likevel store individuelle forskjellar i kva som gir den beste turopplevinga.

I forhold til slitasje på vegetasjon blir dette sett på som ei større utfordring ved Besseggen enn ved Galdhøpiggen frå Juvass. På stien opp frå Memurubu har det blitt gjennomført ein del tilretteleggingstiltak på stien for å hindre «villstiar» og erosjon. Kanalisering av turgåarar er trass i tilretteleggingstiltak ei utfordring for forvaltninga og oppsynstenesta som kontinuerleg jobbar med hindre at folk går utanfor den tilrettelagde stien. På ruta mellom Galdhøpiggen og Juvass vert ikkje vegetasjonsslitasje sett på som eit like stort problem ettersom heile turen stort sett går over stein og snø.

Ifølgje informantane er det lite problem med avfall i dei to case-områda. Avfall på avvege dukkar frå tid til anna opp i begge områda, men i det store og heile blir ikkje dette sett på som eit vesentleg problem blant aktørane. Årsakene til at dette verkar å vere eit avgrensa problem er at førarane på Galdhøpiggen orienterar sine gjester om sporlaus ferdsel før turen startar. Det er her også ein årleg ryddedugnad etter sesongslutt på ruta frå Juvass. Ved Besseggen er plukking av søppel og rydding eit av dei fire hovudmåla til Besseggenpatrulja. Dessutan kan det tenkast at turfolk generelt har høg terskel for å kaste søppel i naturen. Dei fleste ynskjer å bevege seg i ein rein natur.

Til forskjell frå Besseggen har ein på Galdhøpiggen stor føringsaktivitet. Dei fleste som tilbyr føring er aktørar som er heimehøyrande i Lom kommune. Likevel er der også ukjente aktørar på marknaden, og med ukjent kunnskap og tilknytning til Galdhøpiggen området. Frå forvaltninga si side ville det vore ynskjeleg å ha ein betre oversikt over desse ukjente aktørane. Både for å få ein oversikt over omfanget av organisert ferdsel i nasjonalparken, men også få inn ulike typar observasjonar som kan vere av interesse for forvaltninga. Nokre av dei lokale reiselivsaktørane rundt Galdhøpiggen uttrykkjer på si side meir uro om tryggleiken i høve desse ukjende aktørane. Grunnen til bekymringa synes å vere om aktørane utanfrå har tilstrekkeleg god føringskompetanse og lokalkunnskap for å kunne ivareta tryggleiken. Denne utfordringa er nærast fråverande på Besseggen då der ikkje er særleg utbreidd føringstilbod.

### 6.3. Identifisere deltakarar i medforvaltningsaktivitetar og relaterte problemløysande prosessar

Samarbeidet blant mine informantar verkar å vere meir velutvikla og formalisert ved Besseggen enn ved Galdhøpiggen. Reiselivsnæringane rundt Besseggen har organisert seg i eit nettverksamarbeid gjennom selskapet «Besseggen turisme». Gjennom dette selskapet har bedriftene fleire årlege møter der dei diskuterer reiselivsfaglege tema som marknadsføring, besøkshandtering og forvaltning av Besseggen-området. Samarbeidsnettverket inkluderer alle reiselivsverksemdene rundt Gjende og nedover Sjodalen. Tanken bak samarbeidet er at posisjonen til reiselivsnæringa i området vert styrkt gjennom ei samordning. Til dømes kan reiselivsaktørane i området lettare påverke viktige forvaltningsspørsmål, m.a. ved å komme med ein felles uttalar i aktuelle saker. Reiselivsverksemdene rundt Besseggen er også organiserte gjennom det større destinasjonsselskapet Nasjonalparkriket. Selskapet har til føremål å drive reiselivsutvikling og marknadsføring av heile Nord-Gudbrandsdalen og dei kringliggjande verneområda .

Ifølgje aktørar ved Besseggen fungerer Besseggenpatruljen som eit samarbeidsforum for bedrifter og offentlege aktørar med interesse i Besseggen. Gjennom Besseggenpatrulja er det danna eit nettverksamarbeid som fokuserer meir spesifikt på forvaltningsutfordringar knytt til dette turmålet. Dei årlege evalueringsmøta har fungert som eit bindeledd mellom fylkeskommunen, politiet, akuttmedisinsk kompetansesenter, reiselivsaktørar, fjellstyre, oppsyn og forvaltning. I tillegg til evalueringsmøta, skal Besseggenpatrulen saman med oppsynstenestene i området ha faste koordineringsmøte i forhold til den praktiske utøvinga av tiltak og patruljar på Besseggen. I tillegg har Besseggen nyleg fått innvilga støtte gjennom ordninga nasjonal turiststier (Miljødirektoratet, 2019). Informantar ved Besseggen trur at dette vil vere ei god spire til ytterlegare nettverksbygging.

I motsetning til Besseggen har ikkje reiselivsaktørane ved Galdhøpiggen formalisert samarbeidet sitt i særleg grad. Reiselivsaktørane her fortel om eit samarbeid som er basert på tilfeldige møte mellom aktørane, og at dei i slike tilfelle diskuterer aktuelle problemstillingar og tiltak. På spørsmål om det er ynskjeleg å danne meir formelle nettverk, vert det gitt uttrykk for at dette er eit individuelt ansvar og at eksisterande nettverk i stor grad baserer seg på personlege relasjonar. Reiselivsaktørane ved Galdhøpiggen er organiserte i destinasjonsselskapet «Visit Jotunheimen». Selskapet omfattar nær alle reiselivsbedriftene i Lom kommune, og det har til føremål å drive reiselivsutvikling og marknadsføring i hovudsak Lom kommune. Selskapet er difor ikkje spesifikt knytt opp mot aktiviteten på Galdhøpiggen, og i følgje aktuelle informantar har samarbeidsforumet hittil ikkje vore nytta i forvaltningsarbeidet Galdhøpiggområdet. Sidan reiselivsaktørane i Lom har sitt eige destinasjonsselskap, har dei valt å stå utanfor Nasjonalparkriket. Reiselivsaktørar frå andre deler av



Jotunheimen hevdar dette er ei ulempe. Dei presiserer at alle hadde vore tente med at også Lom-verksemdene hadde vore ned i dette selskapet.

#### 6.4. Analyser relasjonar

Resultata viser at det er eit godt og formalisert samarbeid mellom reiselivsaktørane ved Besseggen. Dei har ein fast møteplass i «Besseggen turisme» og dei møtast minst to gongar for året der dei tek opp tema som er av felles interesse. Det er rom for å ha ulike meiningar utan at det går på kostnad av samarbeidet. Også ved Galdhøpiggen tyder resultata på gode relasjonar mellom reiselivsaktørane. Samarbeidet er uformalisert, men vert hevda å fungere godt på dagleg basis. Det kom mellom anna fram at samarbeidet til dels bygde på personlege relasjonar. Ved Galdhøpiggen har dei i dag ikkje ein tilsvarande møteplass som Besseggen turisme. Ut i frå dei opplysningane som har komme fram er det felles for begge case-områda at samarbeidet har betra seg over tid. Spesifikt for Galdhøpiggen området er det nemnt at det er lettare å samarbeide når kundegrnlaget er stort nok for alle, slik som tilfellet er no.

I forholdet mellom forvaltninga på eine sida og oppsynet på si side syner resultata at samarbeidet har vore godt i lang tid, også før den lokale forvaltningsmodellen trådde i kraft. Samarbeidet blir beskrive som god og open dialog, og at terskelen for å ta kontakt er låg dersom det er noko ein vil drøfte eller informere om.

Ved Besseggen viser resultata at det er eit godt forhold mellom reiselivsaktørane på den eine sida og forvaltning og oppsyn på den andre, og det verkar som dette er gjensidig. Frå reiselivsaktørhald vert det derimot hevda at samarbeidet først har utvikla seg i positiv retning dei siste 5-6 åra. Dette fell nokolunde saman i tid med etableringa av lokal forvaltningsmodell og utarbeiding av besøksstrategien i 2012. Resultata viser også at forvaltninga i dag ikkje har eit ynskje om å vere rigide i utøvinga av oppgåvene sine, dette er og i tråd med dei no overordna føringane som ligg i den nye merkevarestrategien til Noregs nasjonalparkar. Det verkar som alle aktørane uavhengig av ståstad, ynskjer berekraftig bruk av nasjonalparken, også dei mest trafikkerte områda. Ei slik felles forståing er viktig med tanke på fortsatt utvikling av det naturbaserte reiselivet.

Ved Galdhøpiggen tyder resultata på at det er lite kontakt mellom reiselivsaktørane og dei offentlege instansane forvaltning og oppsyn, men den kontakten som er verkar å vere god. Den første tida etter vernet i 1980 var tilhøve mellom forvaltninga og dei private aktørane heller dårleg. Etter kvart som tida har gått, har relasjonen utvikla seg i positiv retning, men resultata tyder på at det er lite formelt samarbeid og få formelle kontaktpunkt. Forvaltninga har eit ynskje om å ha meir dialog med

reiselivsaktørane ved Galdhøpiggen, men mangel på ressursar gjer til at forvaltninga ikkje har kapasitet til å vere meir til stades i dette området. Mangelen på samarbeid kan også forklarast ved at naturen ved Galdhøpiggen er mindre sårbar og at aktørane som opererer i området i det store og heile held seg innanfor vernereglane. Aktørane som driv med føring er opptekne sporlaus ferdsel også kva det medfører for avfallshandtering ute i naturen. I tillegg prøver reiselivsaktørane å legge til rette for at gjestane deira får gode besøksopplevingar. Sett under eit så er det som regel ordna forhold noko som gjer at det er mindre grunn for forvaltning og oppsyn å gripe inn. Sidan et vert hevda at forvaltninga ikkje har kapasitet til å vere aktivt til stades, i særleg omfang, er dei avhengige av å bruke medarbeidarar i reiselivsnæringa som informasjonskanalar. Det i sin tur fordrar at det er eit gjensigt tillitsforhold.

### 6.5 Evaluere kapasitetsbehova

Resultata tyder på at både ved Besseggen og Galdhøpiggen er det ei misnøye med lang saksbehandlingstid i forvaltninga. Mellom anna at det i løpet av planutarbeidinga har vore ei så vesentleg auke i talet på besøkande, at plandokumenta nærmast er utdaterte før dei er vedteke. Også praktiske tiltak som til dømes oppsetting av skilt vil i følgje reiselivsaktørar ved begge case-områda ta opp til fleire år. Dette kan sjåast i samanheng med den allereie omtalte ressursmangelen hos forvaltninga. Vidare er det gjerne slik at saksbehandling i det offentlege er omfattande og tidkrevjande. Ifølgje reiselivsaktørane er det ein stor gevinst å hente på å få fortgang i den offentlege saksbehandlinga.

Den nye nasjonale merkevarestrategien og den lokale besøksforvaltningsstrategien viser seg å vere heilt eller delvis ukjente for fleire av reiselivsaktørane i case-områda. Likevel verkar det som det har skjedd ei utvikling i tråd med besøksstrategien i Besseggenområdet. Fleire av reiselivsaktørane der kan ikkje hugse å blitt informert om strategiane. Likevel kjem det fram opplysningar om at dei har sett ei utvikling som samsvarar med målsettingane i desse strategiane. Noko av det same gjer seg gjeldande ved Galdhøpiggen. Også der er strategiane stort sett ukjende for reiselivsaktørane, og her er det også meir tvil om det har skjedd ei endring i samsvar med målsettingane i besøksstrategien. Med tanke på endå betre måloppnåing i tråd med besøksstrategien så må det skje ei bevisstgjeriing i forhold til det. Utfordringa for å oppnå det ser ut til å ligge på den offentlege sida, og at det er eit ressurs spørsmål.

Forvaltninga har ei målsetting om å kunne drive med god informasjonsformidling om natur- og verneverdiar i nasjonalparken. Dei ser at mange besøkande har interesse for naturen og livet der. Dei kan difor tenke seg å ha naturvegleiarar i nasjonalparken og/eller på besøksenteret, som kan drive med den type kunnskapsformidling. Dei har også eit ynskje om å lære opp dei som driv organisert føring på dette fagfeltet. Samstundes har dei ikkje tilstrekkeleg med ressursar til dette slik

situasjonen er i dag. Nokre av dei private reiselivsaktørane har teke dette formidlingsansvaret sjølv. Dette er gjerne dei mindre aktørane som meir driv nisjeprega verksemd. Det er likevel ynskjeleg frå forvaltninga å ha eit meir standardisert opplæringstilbod. Det forvaltninga ynskjer seg er fleire stillingar, noko som er eit budsjettspørsmål.

## 6.6 Anbefale løysingar

I steg 6 i Plummer og Fennell (2009) sin modell vil eg no drøfte korleis adaptiv medforvaltning er ivareteke i dei to case-områda. Eg vil i denne drøftinga ta utgangspunkt i dei fire grunnleggande prinsippa for adaptiv medforvaltning. Etter denne drøftinga vil eg komme med anbefalingar for kva som skal til for å betre den adaptive medforvaltninga i case-områda.

### 6.6.1. Besseggen

Ved Besseggen er Besseggenpatruljen eit resultat av privat samarbeid med betydeleg offentleg stønad. I tillegg har Besseggen nyleg fått autorisasjon som nasjonal turiststi (Miljødirektoratet, 2019). Den lokale nasjonalparkforvaltninga stod bak søknaden om denne autorisasjonen. Det vert hevda at autorisasjonen som nasjonal turiststi vil vere ei spire til ytterlegare samarbeid og kommunikasjon mellom dei ulike aktørane. Denne utviklinga er i samsvar med eigenskapen om pluralisme og kommunikasjon (Plummer & Fennell, 2009).

Reiselivs aktørane rundt Besseggen har organisert i selskapet «Besseggen turisme». Ein fordel med dette er at dei kan komme felles uttale i til dømes plan- og strategiprosessar. Dette gjer at dei lettare kan bli høyrde. Til sjuande og sist er det likevel det lokale forvaltningsstyret som har det endelege ordet. Så lenge forvaltningsstyret behandlar saker etter ein vanleg demokratisk prosess, som å legge aktuelle saker ut til høyring, må ein legge til grunn at det er i tråd med adaptiv medforvaltning sin eigenskap om delt beslutningstaking og makt (Plummer & Fennell, 2009). Dessutan er det i nasjonalparken oppretta eit rådgjevande utval der alle interesser er representert.

Aktørane ved Besseggen er kopla saman i ulike forum som både har meir formelle og nokre tilsynelatande meir uformelle relasjonar. Dette er eit samarbeid mellom sjølvstendig aktørar, jamfør eigenskapen om koplingar, nivå og autonomi Plummer og Fennell (2009).

Besseggenpatruljen er eit godt døme på den grunnleggjande eigenskapen om læring og tilpassing (Plummer & Fennell, 2009). Besseggenpatruljen vart oppretta som ei prøveordning. Tilbakemeldinga etter første året var så gode at dei valde å vidareføre ordninga førebels år for år, sidan den er avhengig av offentleg stønad. I tillegg har oppsynet hatt ferdsselsregistreringar for å enklare kunne sette eit tal på besøkande, slik at dei lettare kan få oversikt over kapasitetsbehov.

Ved Besseggen verkar utviklinga mellom aktørane dei seinare åra å i stor grad oppfylle kriteria for ei adaptiv medforvaltning. Flaskehalsen i systemet synes å vere forvaltninga. Reiselivsaktørane nemner at forvaltninga brukar for lang tid på å få utført oppgåver, og også frå forvaltning har det komme fram at dei har for få ressursar til å utføre oppgåvene sine i tilstrekkeleg grad. For å oppnå ei endå betre forvaltning bør nasjonalparkforvaltninga styrkast. Utover dette er det vanskeleg å sjå kva som kan forbetrast i dette området.

### 6.6.2 Galdhøpiggen

Ved Galdhøpiggen baserer kommunikasjonen mellom aktørane seg på hovudsak sporadisk kommunikasjon. Reiselivsaktørane kommuniserer når dei møtast tilfeldig i ulike samanhengar, eller ved behov. Kommunikasjonen mellom reiselivsaktørar og offentlege instansar som oppsyn og forvaltning er ikkje formalisert. Forvaltninga kunne tenke meir kommunikasjon med miljøet rundt Galdhøpiggen, men har foreløpig valt å ikkje vere aktivt til stades av kapasitetsomsyn. Sett i lys av adaptiv medforvaltning og prinsippet om pluralisme og kommunikasjon ville det vore gunstig med meir dialog, spesielt mellom reiselivsaktørar og forvaltning (Plummer & Fennell, 2009).

Næringsaktørane rundt Galdhøpiggen driv næring i veldig ulik skala, med ein dominerande aktør. Sett i lys av prinsippet om beslutningstaking og makt er det ein ubalanse i maktforholdet mellom reiselivsaktørane (Fennell et al., 2008). Likevel ser det ut til at reiselivsaktørane godt med situasjonen, ettersom dei mindre aktørane ikkje har bygd opp drifta si eine åleine på Galdhøpiggen. Etter dei opplysningane som føreligg tar den dominerande aktøren ansvar for infrastruktur og så lenge næringsdrifta ikkje går ut over reglane i verneforskrifta så har ikkje forvaltninga noko grunn til å gå aktivt inn med styring.

Aktørane ved Galdhøpiggen er kopla saman av personlege nettverk. Desse nettverka baserer seg på uformelle forbindelsar der kvar enkelt aktør har høg grad av sjølvstende. Prinsippa om «koplingar, nivå og autonomi» er ved dette i delvis ivareteke (Plummer & Fennell, 2009). For å kunne ivareta dette prinsippet fullt ut, skulle etter teorien forvaltninga ha vore ei sterkare kopling mellom næring og forvaltning.

Ved Galdhøpiggen har det vore reiseliv og føringsaktivitet sidan slutten av 1800-talet. Dette er derfor eit godt innarbeidd opplegg. Eit resultat av langsiktig drift gjer truleg at opplegget er velprøvd og at det ikkje er noko påtrengande behov for eigenskapen om tilpassing og læring (Plummer & Fennell, 2009).

Ved Galdhøpiggen er det eit uformelt samarbeid som på dagleg basis vert hevda å fungere bra. Men skal ein få til adaptiv medforvaltning i dette området, må det etablerast eit tettare samarbeid mellom

alle aktører, både frå forvaltning og reiselivsaktørane. Som ved Besseggen er mangel på ressursar hos forvaltninga også her ein begrensande faktor.

## 6.7 Anna forskning

Studiet til Haukeland (2010) kjem med kraftig kritikk mot forvaltningsmyndigheita i Jotunheimen nasjonalpark. Grunnen min med å ta med undersøkingane er at eg ynskjer å undersøke endringar som kan ha oppstått i perioden frå 2010 fram til i dag. Haukeland (2010) involverer berre i sitt studie synspunkta til reiselivsnæringane.

Studiet viser at det for kring ti år sidan var lite kontakt mellom forvaltninga og reiselivsnæringa i Jotunheimen. Ved Galdhøpiggen tyder funna mine på at situasjonen er uendra. Ved Besseggen derimot tyder funna mine på at kontakten mellom forvaltning og reiselivsnæring er langt betre i dag enn den var den gongen. Dette stemmer også godt overeins med reiselivsaktørane sine inntrykk av at relasjonen har betra seg dei seinare åra. Den skepsisen som var for ti år sidan, den er betydeleg bygd ned. Det kan vere fleire grunnar til det, men det er særleg to som peikar seg ut. For det første er det innføring av lokal forvaltningsmodell med tilhøyrande besøksstrategi i 2012. Den lokale forvaltningsmodellen medfører større involvering av også næringslivsaktørane knytt opp i mot nasjonalparken. For det andre so opprettinga av Besseggenpatruljen skapt nye møtepunkt mellom reiselivsaktørane og offentlege instansar som nasjonalparkforvaltninga, statens naturoppsyn, fylkeskommune osv. Slike felles møtepunkt kan i seg sjølv vere med å fremje tillitsforhold.

## 7. Konklusjon

Ved Besseggen fungerer den lokale forvaltningsmodellen bra fordi dei har etablert eit relativt godt samarbeid mellom reiselivsaktørane og nasjonalparkforvaltninga. Samarbeidet har særleg betra seg i løpet 10-årsperioden, og spesielt etter iverksettinga av ny forvaltningsmodell i 2012. Samarbeidet blir dyrka fram gjennom at dei har faste og formelle møtepunkt der dei drøftar aktuelle tema kring reiselivet og forvaltning av Besseggenområdet. Dessutan har reiselivsaktørane i området etablert eit formelt samarbeid gjennom samarbeidsorganet «Besseggen turisme». Måten aktørane rundt Besseggen har organisert seg på ligg tett opp til ein adaptiv medforvaltningsmodell. Det som står fram som den begrensande faktor for vidare utvikling er kapasiteten til nasjonalparkforvaltninga. Dette er trekt fram både av dei private reiselivsaktørane, og frå medarbeidarar i nasjonalparkforvaltninga. Frå reiselivsaktørane er det særleg trekt fram at beslutningsprosessane tek lang tid. Dette har ført til at reiselivsnæringa heilt eller delvis utførar oppgåver som elles ville naturleg høyre under dei offentlege aktørane.

Ved Galdhøpiggen er situasjonen annleis. Her er relativt liten kontakt mellom nasjonalparkforvaltninga og dei private reiselivsaktørane. Dei private reiselivsaktørane har heller ikkje organisert seg i ein formell samarbeidsorganisasjon. Her blir denne kontakten meir skjøtta i form av tilfeldige møter. Det kjem fram at nasjonalparkforvaltninga er lite aktive i Galdhøpiggområdet og forvaltninga sjølv seier at dette i stor grad skyldast ressursmangel. Næringsutøvinga i Galdhøpiggområdet er i stor grad dominert av ein aktør, som er grunneigar i området inn til nasjonalparken. Dei andre reiselivsaktørane i området er til samanlikning ganske små. På grunn av risikoen er det få som tek over Styggebreen på eiga hand. Styggebreen er soleis med på å sette grenser for talet på besøkande ettersom føringskapasiteten på mest populære dagane er maksimalt utnytta. Felles for begge områda er at forvaltninga har for lite ressursar til å hjelpe seg med. Ein viktig grunn til at nasjonalparkforvaltninga prioriterer ned Galdhøpiggen, er at det der er relativt god kontroll på dei turiststraumen fordi så godt som alle nyttar seg av føringstilbodet. Forvaltninga i Galdhøpiggenområdet oppfyller ikkje alle krav etter ein adaptiv medforvaltningsmodell. Likevel kan ein sei at besøksforvaltninga i Galdhøpiggområdet på sitt vis fungerer.

Som nemnt er den største avgrensande faktoren i ein adaptiv medforvaltningsmodell dei manglande ressursane og kapasiteten i nasjonalparkforvaltninga. Ein vidare studie kan vere å undersøke kva konsekvensar dette har for vern og bruk i eit langsiktig perspektiv.

## 7. Kjeldeliste:

- Anderies, J. M., Janssen, M. A. & Ostrom, E. (2004). A Framework to Analyze the Robustness of Social-ecological Systems from an Institutional Perspective. *Ecology and Society*, 9(1). <https://doi.org/10.5751/ES-00610-090118>
- Armitage, D. R., Plummer, R., Berkes, F., Arthur, R. I., Charles, A. T., Davidson-Hunt, I. J., ... Wollenberg, E. K. (2009). Adaptive Co-Management for Social-Ecological Complexity. *Frontiers in Ecology and the Environment*, 7(2), 95-102. <https://doi.org/10.1890/070089>
- Bakken, M., Sveen, K. & Snøtun, M. (2012). *Besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde 2013-2017*. Lom/Luster: Jotunheimen og Utladalen - nasjonalparkstyre.
- Berkes, F., Armitage, D. R. & Doubleday, N. (2007). *Adaptive co-management : collaboration, learning, and multi-level governance*. Toronto, Ont: UBC Press.
- Bernt, J. F. (2019). forskrift. Henta 2. Juni 2019 frå <https://snl.no/forskrift>
- Besseggen turisme. (2019). Turen over Besseggen. Henta 2. Juni 2019 frå <https://besseggen.net/informasjon/turen-over-besseggen/>
- Bloch Hoel, N. & Thorsnes, G. (2018, 20. februar). Besseggen. Henta 8. mai 2019
- Colfer, C. J. P. (2005). *The complex forest : communities, uncertainty, and adaptive collaborative management*. Washington, DC : Bogor: Resources for the Future, RFF ; Center for International Forestry Research, CIFOR.
- Creswell, J. W. (2014). *Research design : qualitative, quantitative, and mixed methods approaches* (4th ed.; International student ed. utg.). Los Angeles, Calif: SAGE.
- Dahl, R. (2018). *Nasjonalparkkommuner som aktører under merkevaren Norges nasjonalparker*. Trondheim.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. utg. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Denk, T. (2002). *Komparativ metod : förståelse genom jämförelse*. Lund: Studentlitteratur.
- Dybwad, T. & Klæbo, H. (2008). *Forvaltningsplan for Jotunheimen Nasjonalpark og Utladalen Landskapsvernområde*. Leikanger/Lillehammer: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Oppland.
- Fennell, D., Plummer, R. & Marschke, M. (2008). Is adaptive co-management ethical? (Book review). I(Vol. 88, s. 62-75).
- Finstad, E., Solem, R., Amble, A., Pilø, L., Windingstad, Ø., Bakken, M., ... Ødegård, R. S. (2010). *Klimapark 2469 - Forslag til konsept og innhold 11.01.10*.
- Folke, C., Carpenter, S., Elmqvist, T., Gunderson, L., Holling, C. S. & Walker, B. (2002). Resilience and sustainable development: building adaptive capacity in a world of transformations. *Ambio*, 31(5), 437-440. <https://doi.org/10.1579/0044-7447-31.5.437>
- Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark. (2014). Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark, Lom, Vågå, Vang, Luster og Årdal kommunar, Oppland og Sogn og Fjordane (FOR-2014-11-14-1398). Henta 2. Juni 2019 frå <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2014-11-14-1398>
- Fredman, P. & Haukeland, J. V. (2017). Forskning på morgendagens reiseliv. *Praktisk økonomi & finans*.
- Fredman, P. & Tyrväinen, L. (2010). Frontiers in Nature-Based Tourism. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*.
- Fredman, P., Wall-Reinius, S. & Lundberg, C. (2009). Turism i natur: Definitioner, omfang, statistikk. I.
- Friluftsløven. (1957). Lov om friluftslivet (friluftsløven)
- Galvin, L., Jakovela, A., De Jong, H., Kusters, N., Partington, R. & Ziemele, A. (2012). *Practical, profitable, protected - A starter guide to developing sustainable tourism in protected areas*. Latvia: EUROPARC Consulting GmbH, ECEAT – Projects and Lauku Ceļotājs, the Latvian Country Tourism Association.

- Gjendeguiden. (2018). BESSEGGENPATRULJA - EIT LOKALT INITIATIV FOR Å TA VARE PÅ EIT NASJONALT IKON! Henta
- Gropen, W. B. & Engesveen, A. (2018). *Reguleringsplan Gjende - Reinsvangen - Varsel om oppstart av detaljregulering - Vågå kommune*. Lillehammer.
- Grønvold, S., Faarlund, T., Kaltenborn, B. P. & Møllebak, T. (2006). *Jotunheimen; Frå hytte til hytte*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Gundersen, V., Andersen, O., Kaltenborn, B. P., Vistad, O. I. & Wold, L. C. (2011). *Målstyrt forvaltning : Metoder for håndtering av ferdsel i verneområder*. Trondheim: Norsk institutt for naturforskning.
- Haukeland, J. V. (2010). Tourism stakeholders' perceptions of national park management in Norway. *Journal of Sustainable Tourism*, 19, 133-153.
- Heiberg, M. M., Hagen, D. & Christensen, H. M. (2006). *Rammebetingelser og handlingsrom for næringsutvikling i verneområder*. Trondheim/Oslo: Norsk institutt for naturforskning.
- Hågvar, S. (2014). Friluftslivets begreper og retorikk: Er vi flinke nok til å formidle verdiene? I *Grevlingens spesialutgave*. Naturvernforbundet i Oslo og Akershus.
- Innovasjon Norge. (2017). *Nøkkeltall for norsk turisme 2017*.
- Innst. O. nr. 64. (1995-1996). *Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om lov om statlig naturoppsyn*. Energi- og miljøkomiteen.
- Lauritzen, P. R. & Solem, R. (2009). *Jotunheimen*. Oslo: Gyldendal litteratur.
- Lind, C. B. & Liebe, L. (2012). Lokal forvaltning av verneområder. I. Oslo: Naturvernforbundet.
- Lundberg, A. K. A., Hongslo, E., Hovik, S. & Bay-Larsen, I. A. (2013). Hva skjer i den nye lokale forvaltningsmodellen for verneområder? En forskningsstatus.
- McCool, S. F. (2009). Constructing partnerships for protected area tourism planning in an era of change and messiness. *Journal of Sustainable Tourism*, Vol. 17.
- Mehmetoglu, M. (2004). *Kvalitativ metode for merkantile fag*. Bergen: Fagbokforl.
- Meld. St. 18. (2015-2016). *Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet*. Klima- og miljødepartementet.
- Meld. St. 19. (2016-2017). *Opplev Norge – unikt og eventyrlig*.
- Merriam, S. B. & Merriam, S. B. (1998). *Qualitative research and case study applications in education* (2nd ed. utg.). San Francisco: Jossey-Bass Publishers.
- Miljødirektoratet. (2014). *Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter*. Miljødirektoratet.
- Miljødirektoratet. (2015). *Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder*. Trondheim: Miljødirektoratet.
- Miljødirektoratet. (2018a). *Jotunheimen nasjonalpark; Kart og informasjon*. I. Trondheim: Miljødirektoratet.
- Miljødirektoratet. (2018b). *Nasjonale Turiststier. Autorisasjonskrav*.
- Miljødirektoratet. (2019, 28.03.2019). *Turiststier får 11,5 millioner*. Henta frå <https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/nyheter/2019/mars-2019/115-millioner-til-turiststier/>
- Naturmangfoldloven. (2009). *Lov om forvaltning av naturens mangfold (LOV-2018-12-14-94)*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>
- Olsson, P., Folke, C. & Berkes, F. (2004). Adaptive Comanagement for Building Resilience in Social–Ecological Systems. *An International Journal for Decision Makers, Scientists and Environmental Auditors*, 34(1), 75-90. <https://doi.org/10.1007/s00267-003-0101-7>
- Oppland fylkeskommune. (2018). *Prosjektskisse: tilskudd til Besseggen som nasjonal turiststi*.
- Ostrom, E. (2009). A general framework for analyzing sustainability of social-ecological systems. *Science (New York, N.Y.)*, 325(5939), 419. <https://doi.org/10.1126/science.1172133>



- Overvåg, K., Skjeggedal, T. & Sandström, C. (2016). Management of mountain areas in Norway and the persistence of local-national conflicts. *Journal of Environmental Planning and Management*, 59(No. 7), 1186-1204.
- Plummer, R. & Fennell, D. A. (2009). Managing protected areas for sustainable tourism: prospects for adaptive co-management. *Journal of Sustainable Tourism*.  
<https://doi.org/10.1080/09669580802359301>
- Prop. 1 S. (2009-2010). *Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)*.
- Ryvarden, L. & Løken, B. (2011). *Jotunheimen : naturen, opplevelsene, historien*. Oslo: Cappelen Damm.
- Skjeggedal, T., Overvåg, K., Flognfeldt, T. & Ringholm, T. M. (2013). Ti år med "fjellteksten". *Nationen*. St.prp. nr. 65. (2002-2003). *St.prp. nr. 65*.
- Statens naturoppsyn. (2018a). *Vesleløyfti - Nøkkeltal*. Statens Naturoppsyn.
- Statens naturoppsyn. (2018b). *Visdalen - Nøkkeltall*. Statens naturoppsyn.
- Store norske leksikon. (2018). Sosial. Henta 2. Juni 2019 frå <https://snl.no/sosial>
- Tjora, A. H. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- UNWTO. (2005). *Making Tourism More Sustainable. A guide for policy makers*. UNWTO.
- Valla, H. K. & Tremoen, S. (2012). *Lokal forvaltning av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde og Breheimen nasjonalpark*. Lom.
- Visit Jotunheimen. Galdhøpiggen. Henta 2. Juni 2019 frå  
<https://www.visitjotunheimen.no/aktiviteter/fjellturar/galdhopiggen>
- Visit Norway. (2019). Galdhøpiggevegen - Nord-Europas Høgstliggjande Bilveg. Henta 3. Juni 2019 frå  
<https://www.visitnorway.no/listings/galdh%C3%B8piggevegen-nord-europas-h%C3%B8gastliggjande-bilveg/190856/>
- Vorkinn, M. (2011). *Bruk og brukere i Jotunheimen 1992, 2002 og 2010*. Lillehammer: Fylkesmannen i Oppland.
- Øian, H., Fredman, P., Sandell, K., Sæþórsdóttir, A. D., Tyrväinen, L. & Jensen, F. S. (2018). *Tourism, nature and sustainability: A review of policy instruments in the Nordic countries*. Copenhagen: Nordisk Ministerråd.

## Vedlegg

### Intervjuguide – Næring

#### Info:

Intervjuet vil handle om dine tankar rundt besøksforvaltninga i Jotunheimen nasjonalpark. I oppgåva vil alle informantane vere anonyme. Intervjuet vil bli tatt opp. Du kan når som helst velje å avbryte intervjuet. Om det er ynskjeleg kan du få tilsendt intervjuet i lydformat.

#### **1. Bakgrunn:**

- 1.1. Fortel kort om deg sjølv og di verksemd.
- 1.2. Har du konkrete målsettingar for vidareutvikling av bedrifta?

#### **2. Utfordringar ved auka besøk i Nasjonalparken.**

- 2.1. Kva meiner du er dei største utfordringane knytt til besøksvekst i det aktuelle området Besseggen/Galdhøpiggen?
- 2.2. Kva er dei største utfordringane knytt til forholdet besøksvekst og påverknad på naturmiljøet?  
(Slitasje på sti, forsøpling, forstyrning av dyreliv og naturmangfald)
- 2.3. Kva meiner du er dei største utfordringane knytt til forholdet besøksvekst og besøksoppleving?  
(Positiv/negativ besøksoppleving, sosiale forhold, trengsel, tålegrense).
- 2.4. Kva meiner du er dei største utfordringane i forholdet besøksvekst og forvaltning?  
(Infrastrukturtiltak; skilting, informasjon, toalett, parkering).

#### **3. Løysingar**

- 3.1. Korleis kan du som næringsdrivande bidra til å handtere besøksveksten rundt Besseggen/Galdhøpiggen?
- 3.2. Kva for arbeidsmåtar har de for å finne løysingar på desse dei problema vi tidlegare har vert innom?
- 3.3. Kva for konkrete grep eller direkte verkemidlar brukar de i for å handtere utfordringane?

#### **4. Samarbeid**

- 4.1. Korleis er samarbeidet med nasjonalparkforvaltninga og/eller oppsynstjenesta?
  - Kva er utfordringane?
- 4.2. Korleis er samarbeidet med andre næringar som opererer i same område?
  - Kva er utfordringane?
- 4.3. Kor lenge har dette samarbeidet eksistert?
- 4.4. Korleis er rammene for dette samarbeidet?
- 4.5. Erfarar du at dette samarbeidet er basert på ein felles forståing av situasjonen/tilstanden?
- 4.6. Fører dette samarbeidet til ein felles handlingsagenda?

- 4.7. Korleis opplever du maktfordelinga i dette samarbeidet?
- 4.8. Gir samarbeidet rom for å prøve ut tiltak?
- 4.9. Gir samarbeidet rom for å evaluere effekten av ulike tiltak?
- 4.10. Gir samarbeidet rom for å korrigere eller vrake tiltak dersom dei ikkje har ynskja effekt?
- 4.11. Er samarbeidet med på å styrkje di verksemd?
- 4.12. Er det noko form for nettverkssamarbeid der alle involverte partar rundt Besseggen/Galdhøpiggen er inkludert?  
(Om ja: Fungerer dette? Om nei: Er det behov for dette?)

## **5. Hindringer for samarbeid**

- 5.1. Kjenner du til nokre faktorar som har vert til hinder for samarbeid i Besseggen/Galdhøpiggen området?
- 5.2. Er det sprikande interesser og målsetningar blant næringane i området?
- 5.3. Er det sprikande interesser og målsetningar mellom næring og forvaltning?
- 5.4. I kor stor grad er nasjonalparkforvaltninga og/eller oppsynstjenesta i nasjonalparken opne for innspel frå næringane?
- 5.5. I kor stor grad er næringane opne for opne for innspel frå forvaltninga og/ eller oppsynstjenesta?
- 5.6. Kjenner du til noko usemje knytt til besøksforvaltningsproblematikk rundt Besseggen/Galdhøpiggen?

## **6. Oppsummering:**

- 6.1. Kva meiner du er dei største utfordringane med å få til ei heilskapeleg og inkluderande besøksforvaltning av Besseggen/Galdhøpiggen?  
(Involvering, nettverk, samhandling, felles mål og strategiar)
- 6.2. Kva meiner du kan fremje ei heilskapeleg og inkluderande besøksforvaltning rundt Besseggen/Galdhøpiggen?

## Intervjuguide – Forvaltning/Oppsynstjeneste

### Info:

Intervjuet vil handle om dine tankar rundt besøksforvaltninga i Jotunheimen nasjonalpark. I oppgåva vil alle informantane vere anonyme. Intervjuet vil bli tatt opp. Du kan når som helst velje å avbryte intervjuet. Om det er ynskjeleg kan du i etterkant få tilsendt intervjuet i lydformat.

### **3. Bakgrunn:**

- 3.1. Fortel kort om deg sjølv og di rolle i nasjonalparken.
- 3.2. Har du nokre konkrete målsettingar for arbeidet du utfører i nasjonalparken?

### **4. Utfordringar ved auka besøk i Nasjonalparken.**

- 4.1. Kva meiner du er dei største utfordringane knytt til besøksvekst i det aktuelle området Besseggen/Galdhøpiggen?
- 4.2. Kva er dei største utfordringane knytt til forholdet besøksvekst og påverknad på naturmiljøet?  
(Slitasje på sti, forsøpling, forstyrning av dyreliv og naturmangfald)
- 4.3. Kva meiner du er dei største utfordringane knytt til forholdet besøksvekst og besøksoppleving?  
(Positiv/negativ besøksoppleving, sosiale forhold, trengsel, tålegrense).
- 4.4. Kva meiner du er dei største utfordringane i forholdet besøksvekst og forvaltning?  
(Infrastrukturtiltak; skilting, informasjon, toalett, parkering).

### **7. Løysingar**

- 7.1. Korleis kan du som nasjonalparkforvalter/naturopsyn bidra til å handtere besøksveksten rundt Besseggen/Galdhøpiggen?
- 7.2. Kva arbeidsmetodar vert nytta for å handtere desse utfordringane?
- 7.3. Kva for konkrete grep eller direkte verkemidlar brukar de for å handtere utfordringane?

### **8. Samarbeid**

- 8.1. Korleis er samarbeidet med nasjonalparkforvaltninga mellom oppsynstjenesta?
  - Kva er utfordringane?
- 8.2. Korleis er samarbeidet med næringsdrivande som opererer i dei aktuelle områda?
  - Kva er utfordringane?
- 8.3. Kor lenge har dette samarbeidet eksistert?

- 8.4. Korleis er rammene for dette samarbeidet?
- 8.5. Erfarar du at dette samarbeidet er basert på ein felles forståing av situasjonen/tilstanden?
- 8.6. Fører dette samarbeidet til ein felles handlingsagenda?
- 8.7. Korleis opplever du maktfordelinga i dette samarbeidet?
- 8.8. Gir samarbeidet rom for å prøve ut tiltak?
- 8.9. Gir samarbeidet rom for å evaluere effekten av ulike tiltak?
- 8.10. Gir samarbeidet rom for å korrigere eller vrake tiltak dersom dei ikkje har ynskja effekt?
- 8.11. Er samarbeidet med på å styrkje dine oppgåver?
- 4.12. Er det noko form for nettverkssamarbeid der alle involverte partar rundt Besseggen/Galdhøpiggen er inkludert?  
(Om ja: Fungerer dette? Om nei: Er det behov for dette?)

## **9. Moglege hinder for samarbeid**

- 9.1. Kjenner du til nokre faktorar som har vert til hinder for samarbeid i Besseggen/Galdhøpiggen området?
- 9.2. Er det sprikande interesser og målsettingar blant næringane i området?
- 9.3. Er det sprikande interesser og målsettingar mellom næring og forvaltning/oppsyn?
- 9.4. I kor stor grad er nasjonalparkforvaltninga og/eller oppsynstjenesta i nasjonalparken opne for innspel frå næringane?
- 9.5. I kor stor grad er næringane opne for innspel frå forvaltninga og/eller oppsynstjenesta?
- 9.6. Kjenner du til noko usemje knytt til besøksforvaltninga rundt Besseggen/Galdhøpiggen?

## **10. Oppsummering:**

- 10.1. Kva meiner du er dei største utfordringane med å få til ei heilskapeleg og inkluderande besøksforvaltning av Besseggen/Galdhøpiggen?  
(Involvering, nettverk, samhandling, felles mål og strategiar)
- 6.2 Kva meiner du kan fremje ei heilskapeleg og inkluderande besøksforvaltning rundt Besseggen/Galdhøpiggen?



**Norges miljø- og biovitenskapelige universitet**  
Noregs miljø- og biovitenskapelige universitet  
Norwegian University of Life Sciences

Postboks 5003  
NO-1432 Ås  
Norway